



### Europeisk Vesaas- renessanse

Vesaas er på salstoppen i Europa etter tiår i gløymse. Kvifor sleit *Fuglane* med å få luft under vengene?


SIDE 26-29



### Kan datamaskinar lære nynorsk?

Det er særskilte utfordringar med nynorsk og dialekt, seier Jens Otto Kjærum i Dictus.

SIDE 4-7



### IKT-sjefar vil regulere læremiddel

Me må leggje press og krav på produsentane, seier Svein Olav Langåker.

SIDE 19

# Norsk Tidend

nr. 5  
desember 2022

medlemsblad for Noregs Mållag

## Nytt lys for Fonna Forlag

Nye eigarar i Fonna Forlag gir ut *Ingeniør Knut Berg* på samisk for fyrste gong, og kjem med nye *Vangsgutane*-forteljingar.

Side 12-16



## Nynorsk må vere eit digitalt språk

NT Har egentleg minoritetsspråk ein plass i ei stadig meir globalisert, engelskdominert verd? Er det noko poeng i å halde fram med språk og målarbeid, eller er det ei naturlov at dei mindre språka vil tape for dei større språka?

NT Mange spådde døden til vinylplata, plutselig var ho tilbake, ikkje berre for pappaar og hipsterar. Digitaliseringa av musikk skapte ein motreaksjon, og musikk i fysisk format er i vekst. Nynorsk vil nok ikkje bli eit majoritetsspråk i Noreg, men vil den stadige globaliseringa og utbreiinga til engelsk gje ein språkleg motreaksjon?

NT Filosofen Ludwig Wittgenstein meinte at språk og leveviset vårt er to uoppløyslege delar av det same. Dersom ein mistar språket, vil ein også miste ein måte å leve på. Men også: dersom måtar å leve på forsvinn, mistar ein språket for det. Det betyr at måten me lever liva våre på, også formar og skapar eit språk.

NT Dersom me legg denne oppfatninga til grunn, blir det tydeleg kvifor språk er viktig: Det bestemmer grunnleggjande sett korleis me tenker og handlar, korleis me lever liva våre. Dermed vil eg kome med påstanden at nynorsken aldri kjem til å døy ut. Men kva nynorsken er i framtida, er sjølvstøtt avhengig av korleis me brukar han, kva me vil at nynorsk skal vere.

NT Difor må me regulere teknologiselskapa. Tenestene deira må finnast på begge dei norske skriftspråka. Moglegheitene til å gjere det finst. Sjølv om det er motvilje til å lære seg nynorsk blant store selskap, er pengar eit språk dei forstår. Språket vårt – levemåten vår og tankane våre – er for viktige til at store selskap kan få bestemme framtida til det.

MEMUND NOREKVÅL KNUDSEN

### Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

**Tilskrift:** Lilletorget 1, 0184 OSLO

**Redaktør:** Vemund Norekvål Knudsen

**I redaksjonen:**

Hege Lothe, Erik Grov

**Heimeside:** www.nm.no

**Abonnement:** 250 kroner per år

**Utforming:** Audun Skjervøy, Språksmia AS  
smia@spraksmia.no

Språkbruk i offentleg forvaltning er eit leiaransvar. Diverre er det offentlege Noreg fullt av leiarar som manglar både evne og vilje til å følgje norsk lov. **Lovbrytarane i staten** er uskikka til jobbane sine.

# Eit samfunn av

**DET ER STERKE** ord, men dei er sanne. I november kom Språkrådet sin nyaste rapport om bruk av bokmål og nynorsk i staten. Rapporten gjeld for 2021, og resultatata er nedslåande, også denne gongen. Av 177 statsorgan er det berre Medietilsynet som oppfyller alle lovkrava.

To departement og heile 33 underliggjande statsorgan har ikkje eingong gidda å rapportere til Språkrådet på eigen praksis, slik dei skal.

**KVEN I ALLE** dagar er det utanriksråd i Utanriksdepartementet, Tore Hattrem, trur han er? Kven er han til å velje og vrake i kva lover han følgjer? Kva er det finansråd Hans Henrik Scheel i Finansdepartementet egentleg driv med på jobb? Han bryr seg i alle fall ikkje om språklova. Begge ofrar nynorsken i offentleg forvaltning og gjer seg til kjeltringar i same vending.

**THERE IS SOMETHING** rotten in the state of Denmark, skreiv William Shakespeare i tragedien Hamlet. Det står ikkje så bra til i den norske staten heller. Hamlet-sitatet har blitt eit fast og fiksert uttrykk. Somme brukar det som korrupsjonsskuldning, andre, som meg sjølv, meir som eit generelt uttrykk for ein ukultur, noko øydelagt. Styresmaktene kjenner lova, dei kjenner godt til utfordringane for nynorsken, men

### NT LEIARTEIGEN



PEDER LOFSNES HAUGE

Leiar i Noregs Mållag

dei gjer ikkje noko eller nok for å rette opp i det. Det er ein tragedie, det. Slik kan vi ikkje ha det lenger.

Til sjuande og sist er dette eit politisk ansvar som kviler på regjeringa. Statsrådene må kvar og ein stramme seg opp og stramme opp sitt eige embetsverk.

**SPRÅKRÅDET SKIPA 8.** november til Språkdagen 2022. Der deltok mellom anna Sp-statsråd Kjersti Toppe og tidlegare Venstre-statsråd Sveinung Rotevatn. Begge med eit stort engasjement for nynorsk og vilje til å ta sitt politiske ansvar. Av konkrete tiltak som kunne betre situasjonen, var dei mellom anna inne på at statsrådene minst éin gong i året bør orientere regjeringskollegiet sitt om korleis dei ligg an og kva dei vil gjere for å nå lovkrava. Det trur eg vil vere disiplinierende, og for mange heilt avgjerande i ein travel arbeidskvardag der fokuset stort sett er på eige fagområde.





– NEI! VIL IKKE!

Illustrasjon: Kjartan Helleve

# dei lovlause

**BÅDE TOPPE OG** Rotevatn gav departementa sine klar beskjed på første dag om at alt tekst i deira namn skal vere på nynorsk. Rotevatn fortalde om korleis han forankra nynorskarbeidet i den administrative leiinga, sende tilsette på kurs og følgde opp dei som streva med nynorsken. *Det er ikkje slik at dei tilsette i departementa er Guds gåve til fagområdet sitt, men utan evne til å lære seg nynorsk, sa han.*

**ROTEVATN BRAUT FOR** så vidt lova sjølv i si tid som klima- og miljøminister. Departementet brukte for lite bokmål. Men i lys av intensjonen i og føremålet med den nye språklova, burde det ikkje vore krav om 25 prosent av begge skriftspråk, men berre eit krav om nynorskbruk. Det er nok bokmål til alle.

**Å LØFTE FRAM** god praksis er avgjerande for endring, og i Språkrådet står det ein armé klar til å støtte og hjelpe statsforvaltninga til å bli betre i nynorsk. Det er heilt naudsynt, for framtida til nynorsken kan ikkje kvile på at Sveinung Rotevatn frå Venstre sit rundt Kongens bord.

**DET NATURLEGE SPØRSMÅLET** til den apostolisk inspirerte overskrifta i denne teksten er sjølv sagt: bør dei lovlause få forlating for syndene?

Nei. Det har dei fått lenge nok. Språklova skulle hatt sanksjonar, og statsorgan som ikkje evnar eller maktar å oppfylle språklova, bør få reduserte løyvingar. Dei kan kanskje ikkje nynorsk, men pengar er eit språk dei forstår.

Å løfte fram god praksis er avgjerande for endring, og i Språkrådet står det ein armé klar til å støtte og hjelpe statsforvaltninga til å bli betre i nynorsk.

Jeg synes at nynorsk kan betraktes som det skeive språket i Norge. Det er et minoritetsspråk som like gjerne kunne vært et majoritetsspråk, med tanke på hvor tett opp mot talemålet til mange det ligger. På denne måten er det flere som kunne ha praktisert det, enn det som faktisk er tilfellet. Slik er det også med skeivhet. Jeg tror det finnes mange flere skeive enn de som faktisk praktiserer det. Det finnes et større mangfold enn mange kanskje tror.

**Robin Van de Walle til Stoff**

Karoline Liberg har jobbet fulltid som lærer i ett år, og har ikke angret på yrkesvalget sitt. Nå elsker hun til og med nynorsk.

**Telen**

Jeg stusser. Stopper opp i tannpusen. Er kål-prisen virkelig så høy at folk i Polen driver med ulovlig kål-graving? Tar skremmende mange sekunder før jeg skjønner at NRK Dagsnytt snakker om kull. På nynorsk. Trøtt morgen.

**@siv\_san på Twitter**

Jeg elsker hvordan nynorsk gjør at jeg kan gå til jobb og lure på hvordan det kan være farlig for privatpersoner å grave etter «kål».

**@PrimaMette på Twitter**

Har fått meg sambuar. Han heter \_\_\_\_ her i twittersfæren. Og han er en skikkelig kjekkas. («Sambuar» på nynorsk er så mye finere enn «samboer» på bokmål!)

**@PrimaMette på Twitter**

Hun (Marion Woodseth) jobber seg oppover som solid leverandør av nynorsk popmusikk.

**Tor Martin Bøe, VG**

Nynorsk er ikkje pent, nynorsk er punk! Det er rock n' roll. Det er eit godt språk å krangle på. Det er eit godt språk å demonstrere på.

**Kjersti Wøien Håland i festtalen til landsmøtet i Noregs Mållag**

Eg er veldig glad for at den «aviså», som heitte eitt eller anna ... nynorsk tidend, norsk tidend, fann ut av dette. Og nå blir det retta.

**Eirik Faret Sakariassen, gruppeleiar i Stavanger SV, om nynorsktiltaka i Stavanger som vart gløymde.**

Hvem var din barndomshelt?

– Ivar Aasen. Skjønner at mange ikke er så begeistra for nynorsk, men han var jo en revolusjonær.

**Kathrine Sund-Henriksen til Dagsavisen**

Er språk- og dialektmangfaldet i Noreg mogleg å ta vare på i den digitale språkverda? *Norsk Tidend* har høyrte rundt om draumen me ber på: **at robotar skal kunna skriva nynorsk.**



# Kan robotar skriva på nynorsk?

**MAI LENE FLØYSVIK HÆÅK** tar kontakt med *Norsk Tidend* over melding:

– Datamaskina mi forstår ikkje nynorsk, og eg er avhengig av ho for å fungera i jobb, fortel ho oss.

– *Kan du utdjupa kva som er situasjonen din?*

– Situasjonen er at eg fekk betennelse i venstre arm første gong i november i fjor og for andre gong i september. Armen var svært vond og hoven, og eg kunne ikkje bruka tastatur. På det verste var det heller ikkje mogleg å bruka mobil, fortel Mai Lene til *Norsk Tidend*.

Mai Lene arbeider som politisk rådgjevar i ein organisasjon, og har tidlegare jobba mykje med skriving.

Ho er dermed avhengig av datamaskin.

– Jobben var svært grei og la godt til rette for meg. For å kunna halda fram med å fungera i jobb forsøkte eg å bruka tekst-til-tale og taleattkjenningsteknologi.

Men dette skulle visa seg å vera eit større problem enn nokon først trudde.

– Teknologien funkar rett og slett ikkje! seier ho irritert.

## Forstår ikkje nynorsk

Mai Lene har vore nynorskbrukar heile livet. Ho ønskjer derfor å bli transkribert på nynorsk. Men uansett kor mykje ho har prøvd, har ikkje dette vore mogleg å få til ordentleg.

## TALEATTKJENNING OG TALE-TIL-TEKST

■ Taleattkjenning er teknologi som kjenner att lydar – tale – til å gjera spesifikke handlingar.

■ Døme kan vera smartlys som blir aktiverte av at du seier «på», eller Siri på iPhonen din.

■ Tale-til-tekst er meint for skriving, der du dikterer kva skriveprogrammet skal skriva. Det er som diktat på skulen.

– Taleattkjenninga i Word forstår enkelt og greitt ikkje nynorsk. Det blei fort klart at taleattkjenninga ikkje forstår dialekta mi, men det funkar heller ikkje om eg les inn seint og på normert nynorsk, fortel Mai Lene oppgitt.

– Det var allereie utfordrande å fungera ordentleg i jobb fordi eg hadde smerter. Eg var svært motivert for å halda fram med å jobba. Då var det svært frustrerande at det rett og slett ikkje gjekk fordi eg ikkje kunne bruka språket mitt, legg ho til.



– *Kva mobiltelefon og datamaskin er det her snakk om?*

– Apple iPhone og ei HP Windows-maskin med standardtastatur og tale-til-tekst i Word. I utgangspunktet kan

*Det er ganske provoserande at teknologien rett og slett ikkje funkar for meg som nynorskbrukar.*

Mai Lene Fløysvik Hæåk





**LITE SELSKAP MED STORT ANSVAR:** Dictus er eit lite dansk selskap som fekk det store oppdraget å levera språkteknologi til Stortinget og Folketinget. Foto: Dictus



**LANGT ATT:** Mai Lene har vore nynorskbrukar heile livet. Historia hennar er ei av mange som viser at det er ein lang veg å gå for å ha språkleg jamstilling i den digitale verda. Foto: Privat.

meirarbeid frå meg. Det er ganske provoserande at teknologien rett og slett ikkje funkar for meg som nynorskbrukar.

– Gjeld dette alle tastatur og datamaskiner?

– Det finst andre tastatur med rettskriving du kan lasta ned, men det burde ikkje vera naudsynt for ein tredjepart å levera dette. Dei store aktørane, som Apple, burde ha nynorskstøtte som standard. Nynorsk er likestilt med bokmål som eit norsk skriftspråk. Då må dei levera fullverdige tenester og rettskriving på begge språka i Noreg, seier Mai Lene bestemt.

#### Eit forbigående problem

– Nokon ville vel spurt deg om du ikkje kan bruka bokmål mellombels når du er sjuk?

– For meg var dette forbigående. Men for dei som av andre grunnar

ikkje kan skriva, eller treng å bruka taleattkjenning og diktering, er det eit problem. Det er synd at dei ikkje skal kunna bruka det språket – eller den dialekta – dei ønskjer. Det handlar om tilgjenge og å inkludera alle. Det er mange som brukar nynorsk, og fleire som treng digitale hjelpemiddel, i Noreg, svarar Mai Lene.

I dag er Mai Lene heilt frisk og tilbake i full jobb. Det har ikkje lukkast Norsk Tidend å få tal på kor mange som er avhengige av språkteknologi eller liknande hjelpemiddel i kvardagen.

#### Ikkje standard hjå Microsoft

Det mest brukte skriveprogrammet i dag er Microsoft Word som ein får gjennom Office 365. Bokmålsbrukarar vil finna eit diksjonsverktøy direkte innebygd i Word, men diverre har ikkje Word støtte for nynorskdiksjon. I år kjøpte Micro-

soft opp «Dragon Naturally Speaking», som ifølgje ei kjelde Norsk Tidend har snakka med, skal ha gode nynorskfunksjonar. Dette er tredjepartsprogramvare, som Norsk Tidend har fått tilbod om å testa. Det har me til no ikkje takka ja til.

Sjølv om Microsoft eig programvare med støtte for nynorsk, er ikkje dette eit standardtilbod i tenestene til Microsoft. Det har ikkje lukkast Norsk Tidend å få kontakt med Microsoft for kommentar om kvifor.

#### Dansk selskap med ansvar for nynorsk

Me la fram problemstillinga til Mai Lene for det danske selskapet Dictus over e-post. Dictus leverer mellom anna taleattkjenning og transkripsjonsteknologi for referatskriving til Stortinget i Noreg, i tillegg til Folketinget i Danmark, Danske Radio og danske TV2. Eitt av krava frå Stortinget

du få nynorsk tastatur og rettskriving, men ikkje på diktering.

– Eg har tastatur med støtte for nynorsk, men likevel blir eg retta tilbake til bokmål. Det krev





– Me undervurderte heilt klart omfanget av utfordringar med nynorsk.

Otto Kjærum

var at dei måtte levera transkripsjon på både bokmål og nynorsk, og at transkriberinga skulle skje direkte frå talarstolen i sanntid.

Dictus har ikkje noko med Mai Lene eller situasjonen hennar å gjera, men Jens Otto Kjærum, administrerende direktør i Dictus, fortalde *Norsk Tidend* over videolink om korleis tale-til-tekst og tale-attkjenning fungerer, og kva som er utfordringane og mogleighetene med teknologien.

**Undervurderte utfordringane**

– Me undervurderte heilt klart omfanget av utfordringar med nynorsk, seier Jens Otto Kjærum til *Norsk Tidend*.

Teknologien til Dictus baserer seg på det dei kallar for «akustisk modell». Det vil seia at datamaskina blir trent opp til å kjenna att lydar, som så blir gjort om til tekst.

– Grunnleggjande er det derfor ei utfordring at nynorsk er eit skriftspråk og ikkje eit talemål. Ei anna utfordring er mengda dialektar frå talarstolen. Til samanlikning talar politikarane normert

riksdansk i Folketinget, som gjer avstanden mellom det som er sagt og det som blir skrivne, kortare. Men det har gått stadig betre, og me er optimistiske for utviklinga, fortel Kjærum.

– *Kva er grunnlaget de brukar for å læra maskina bokmål og nynorsk?*

– Våre data baserer seg på referat frå Stortinget dei siste 20 åra. Ei utfordring er at det har vore store forskjellar mellom bokmål og nynorsk i mengda data.

– Omtrent ein tiandedel av den totale datamengda på 700 timar med tale var på nynorsk når me byrja. No er det nesten femdobla: 200 timar med nynorsk tale. Det er likevel berre omtrent ein tredjedel av det som er tilgjengeleg på bokmål, svarar Kjærum.

– *Gjer ein noko framsteg i å læra maskina både bokmål og nynorsk?*

– Lenge har me operert med éin modell for taleattkjenning for norsk, som blir transkribert på både bokmål og nynorsk samstundes. Då korrigerer me den transkripsjonen som er på det språket

representanten har ønskt. No har me derimot nok data til at me kan laga to separate modellar: norsk bokmål og norsk nynorsk. Det vil gjera det enklare å byggja opp ordtilfanget og gjera maskina betre på både bokmål og nynorsk, legg Kjærum til.

**Kan bli betre – under visse tilhøve**

Så det er altså mogleg å levera teknologi som kan kjenna att nynorsk tale, og transkribera tale til nynorsk tekst?

– Me leverer teknologi for spesifikke behov og situasjonar. Når situasjonane er avgrensa, er det mogleg å læra dei eit ganske godt ordtilfang og svært presis attgiving av det som blir sagt. Tale-til-tekst på dansk gir til dømes no i fleire situasjonar under 1 % feil. Så vil eg seia at me ikkje konkurrerer med aktørar som Google, Microsoft og Apple. Me leverer ikkje maskinvare eller skriveprogram, men dikteringsteknologi for heilt spesifikke situasjonar.

– *Så det er behov for etterarbeid på den transkriberte teksten?*

Jens Otto gir ordet til Egil Albertsen, som jobbar med norsk rettskriving i Dictus:

– Det er vanskeleg å få maskina til å skriva heilt rett syntaks. Maskina vil til dømes skriva «gjerast», men ikkje «blir/vert gjort». Slike omskrivingar er det vanskeleg å læra maskina, svarar Egil Albertsen.

– Me jobbar heile tida med å få automatisert ulike omskrivingar og

korleksjonar. Maskina slit med å høyra forskjell mellom a- og e- infinitiv av seg sjølv automatisk, men ho kan bli programmert til å bruka a- eller e-infinitiv. På same vis slit maskina med genitiv-s. Taleattkjenningen har blitt trent på referat der det t.d. står «regjeringas», men der talaren i mange høve har sagt «regjeringa sin/si/sitt/sine». Ein konsekvens av dette, som var utilsikta, blir då at maskina oppfattar konstruksjonen "[substantiv] + sin/si/sitt/sine" som "[substantiv] + -s".

– *Er det nokon som bestemmer når kvaliteten på nynorsken er god nok?*

Jens Otto svarar:

– Ein del av avtalen med Stortinget er at me skal oppdatere vokabularet og driva vedlikehald på systemet i 6 år. Ein gong i året må me trenta opp systemet med nye talarar. Etter eitt år har me om lag 20–30 timar meir lyd på nynorsk. I tillegg kjem det stadig vekk nye ord og situasjonar som krev ei oppdatering av vokabularet.

– Om me skal levera på nytt når kontrakten går ut, vil me moglegvis nytta ein annan teknologi enn det som er no. Det skjer mykje på feltet heile tida, svarar Jens Otto Kjærum.

– *Vil Dictus SUN vera tilgjengeleg for privatpersonar eller mindre bedrifter?*

– Dictus er ikkje tilgjengeleg til alminneleg, privat bruk enno, men me jobbar med det, avsluttar Kjærum.

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN  
vemund.knudsen@nm.no



**SYNTAKS:** Taleattkjenningsroboten slit med syntaksen på nynorsk, fortel Egil Albertsen, rettskrivar i Dictus.



**UTFORDRANDE NYNORSK:** Jens Otto Kjærum er administrerende direktør i Dictus. Han kjenner att problemstillinga til Mai Lene og vart sjølv overraska over kor vanskeleg det er å læra datamaskiner nynorsk.

FOTO: Privat



**LOVBROT:** Staten løyer på ingen måte det lovpålagde oppdraget sitt om å bruke både bokmål og nynorsk ut frå eit minimumskrav. Det er rett og slett frykteleg dårleg, seier direktør i Språkrådet, Åse Wetås.

Foto: Mariam Butt / NTB / NPK

# Bryt språklova over heile linja

Nesten ingen sentrale statsorgan oppfyller krava i regelverket om veksling mellom nynorsk og bokmål, viser ein **ny rapport** frå Språkrådet.

**HER HAR DEI** teke føre seg korleis departementa og dei underliggjande statsorgana etterlever reglane om veksling mellom nynorsk og bokmål.

– Det vi ser i denne rapporten, er at staten på ingen måte løyer det lovpålagde oppdraget sitt om å bruke både bokmål og nynorsk ut frå eit minimumskrav. Det er rett og slett frykteleg dårleg, seier direktør i Språkrådet, Åse Wetås til NRK.

Det er ikkje tvil om kva lova seier. Sentrale statsorgan skal veksle mellom bokmål og nynorsk i allment tilgjengeleg materiale, slik som nettsider, rapportar og innhald i sosiale medium. Ingen av skriftspråka skal vere representerte med mindre enn 25 prosent. Det er også krav om at alle skjema og digitale sjølvbetente løysingar skal vere tilgjengelege på begge språk.

– På punkt etter punkt ser vi at språkvekslinga ikkje er god nok, og at politikken Stortinget har vedteke om særleg å styrkje nynorsk som det minst brukte skriftspråket, ikkje blir teken omsyn til, seier Wetås.

Rapporten byggjer på data frå heile 15 departement, Statsministerens kontor og 161 statsorgan. Berre Medietilsynet oppfyller alle krava i regelverket.

– Denne rapporten er eit sørgjelig bilete på ein stat som ikkje er i stand til å følgje sine norske lover og etterleve sine eigne språkpolitiske ambisjonar, seier leiar i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge.

– Andre statsorgan har mykje å lære av språkarbeidet i Medietilsynet. Sjølv om Medietilsynet er ein liten organisasjon, satsar dei ikkje berre på at enkeltmedarbeidarar med entusiasme for språkarbeid tek ansvar, men har rusta organisasjonen med kompetansen som trengst for å få det til. Slik viser dei respekt for lovverket på språkfeltet og vilje til å følgje opp språkarbeidet sitt systematisk, seier Åse Wetås, direktør i Språkrådet.

Språkrådet fører tilsyn med korleis departementa og dei underliggjande etatane følgjer reglane om å bruke både bokmål og nynorsk.

NPK

## Kunnskapsministeren vil ha digital strategi for skulane

Kunnskapsminister Tonje Brenna (Ap) fryktar at **digitaliseringa** av norske skular har gått for fort og utan nok kunnskap.

**HO FRYKTAR UTVIKLINGA** med digital skule kan gi uante konsekvensar og ønskjer å utarbeide ein ny strategi for bruk av digitale verktøy i både skular og barnehagar.

– Digitaliseringa av skular har skjedd utan nok kunnskap. Det bekymrar meg, seier ho til Kommunal Rapport.

– Digitalisering av skulane er kanskje den største endringa i norsk skule dei siste åra. Samtidig er ikkje endringa forankra i noka enkelt avgjerd, enkeltpålegg eller forskrift, seier ein bekymra kunnskapsminister.

I samarbeid med KS er Kunnskapsdepartemen-

tet no i gang med å lage ein ny strategi for digital kompetanse og infrastruktur i skular og barnehagar. Departementet tek sikte på å presentere strategien i desember.

Målet er å bidra til å få ei oversikt over situasjonen, behov og bekymringar, og dessutan sørge for at avgjerdstakarar på ulike nivå som skule, kommune og fylkeskommune får eit godt verktøy å styre etter.

NPK



## Sparsamt med nynorsk i Innlandet

**TORS DAG 20. OKTOBER** hadde fylkestinget i Innlandet saka «Språkrettleiing for tilsette» oppe til behandling. Med 32 av 57 røyster blei fylkestinget samde om 10 % nynorsk i alle allment tilgjengelege dokument og papir. Med det har dei lågast nynorskdel per nynorskbrukar av alle austlandsfylka.



Venstre, Sp, SV og Raudt fremja eit endringsforslag om å auke nynorskdelen til 25 %. Dette fekk 22 røyster. FrP fremja forslag om å avvise heile språkrettleiingsplanen. Det forslaget fekk 3 røyster.

### Flest på Austlandet

Innlandet fylkeskommune har 36 607 bokmålslevar og 3 226 nynorskelevar i grunnskulen. Det gir ein nynorskdel på 8,10 % i grunnskulen. I tillegg bur 5,5 % av befolkninga i nynorskkommunar fordelt på 7 kommunar. Det er 15,2 % av kommunane i Innlandet. 6 av dei språknøytrale kommunane har nynorskelevar i skulen. Det betyr samla at nesten ein tredjedel av kommunane i Innlandet har nynorskelevar i grunnskulen.

Til samanlikning har Vestfold og Telemark 46 308 bokmålslevar og 1 770 nynorskelevar, som gir ein nynorskdel på 3,68 %. Sjølv om Vestfold og Telemark fylke har fleire nynorskkommunar enn Innlandet, 8 mot 7 nynorskkommunar, har dei samla sett færre nynorskbrukarar enn Innlandet. Likevel har Vestfold og Telemark fylkesting vedteke 25 % nynorsk. Viken fylke, der nynorsken berre finst i Hallingdal, har også vedteke 10 % nynorsk.

### Ønskte større ambisjonar

– Vi er glade for at fylkeskommunen no har ein plan for språkbruk. Likevel hadde vi høgare forventningar til at fylket med flest nynorskelevar på Austlandet skulle gjort meir for nynorsken, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag og Helen Johannessen, leiar i Austmannalaget, i ei pressemelding.

– For innbyggjarane er det viktig å sjå nynorsken i bruk rundt seg for å bli gode i å skrive nynorsk. Også for bokmålslevane er dette viktig. I framlegget frå fylkesadministrasjonen i Innlandet står det: “Alle tilsette skal kunne skrive både på bokmål og nynorsk - dette er ikkje for spesialkompetanse å rekne”. Det er vi heilt samde i. Difor var 25 % nynorsk eit godt krav frå SV, Sp, Raudt og V, held dei fram.

### Kan auke prosenten seinare

Under ordskiftet i fylkestinget sa Arbeidarpartiet at dei gjerne evaluerer talfestinga av 10 prosent nynorsk og opna for å auke nynorskprosenten ved eit seinare høve.

– Det håpar vi dei gjer. I denne omgangen gler vi oss over at ei talfesting er på plass, og set pris på at innbyggjarane i Innlandet no får møte litt meir nynorsk i sine bokmålsdominerte kvardagar, avsluttar Peder og Helen.

VERMUND NOREKVÅL KNUDSEN

# Mange elevar byter fr

Mange elevar i tradisjonelle nynorsk-område byter til bokmål i grunnskulen. Ein fersk rapport om **språkbyte** kjem med forslag til målretta tiltak som kan bidra til at færre elevar i grunnopplæringa byter målform. At alle lærarar skal ha kompetanse i begge målformer, er eitt av dei.

### – PÅ LÆRARUTDANNINGANE

er det viktig at studentane får utdanning som hjelper dei til å meistre nynorsk når dei kjem ut i jobb, også dei som ikkje har norsk i fagkrinsen sin. Alle som skal jobbe i skulen, vil møte elevar som skal lære nynorsk, anten som hovudmål eller som sidemål, seier høgskulelektor Liv Astrid Skåre Langnes.

I ein fersk rapport, utarbeidd av Langnes og Jorid Saure frå Nynorsksenteret, kjem dei med forslag til tiltak som kan bidra til at færre elevar går over frå nynorsk til bokmål på skulen.

### Særleg på vidaregåande

Eit gjennomsnitt frå dei siste 15 åra viser at 11,8 prosent av nynorskelevane byter til bokmål i grunnskuleåra. Og i fleire område som tradisjonelt har hatt mange nynorskelevar, ser ein om lag ei halvering for nynorsk mellom tiande trinn og tredje året på vidaregåande.

Rapporten omhandlar språkbyte frå nynorsk til bokmål mellom 1. og 13. trinn, og er utarbeidd på oppdrag frå Språkrådet. Målet er å få eit kunnskapsgrunnlag om kvifor individuelle språkbyte skjer, for å føreslå tiltak som kan redusere talet på elevar som gjer eit språkbyte frå nynorsk til bokmål.

### Tiltak på fleire nivå

Langnes understrekar at rapporten ikkje baserer seg på eigne studiar, men er eit kunnskapsoversyn som samlar ein del av empirien på området.

– Til slutt munnar han ut i ei ganske lang liste med tiltak som kan vere med å hindre eller bremse språkbyte, seier ho til Nynorsk pressekontor.

I rapporten føreslår dei tiltak på politisk nivå, lærarutdanningsnivå og skulenivå.

På politisk nivå meiner dei at det viktigaste forslaget er at nynorskelevane får ei opplæringslov, som sikrar at dei får skriveverkøy, læringsplattformer og digitale læringsressursar på nynorsk.

Eit forslag på lærarutdanningsnivå går ut på at elevane bør møte nynorsk i fleire fag enn berre norsk, og at det bør drøftast om rammeplanen for lektorut-



**ØVST:** Tobias Christensen Eikeland er leiar i Norsk målungdom og synest det er trist å sjå kor mange som byter målform frå nynorsk til bokmål.

Foto: Kristianne Marøy

**NEDST:** Liv Astrid Skåre Langnes er blant dei som står bak den ferske rapporten om språkbyte.

Foto: Høgskulen i Volda.



danning bør omfatte kompetanse i begge målformer.

På skulenivå meiner dei at det viktigaste forslaget handlar om at både skuleeigarar, lærarar og elevar treng ressursar til å skape ny giv for den språklege opplæringa i nynorsk i skulen, både i

hovudmål og sidemål. Dette kan bidra til at elevane trivst med å lære, og meistrar begge målformene, ifølgje Langnes.

### Ulike årsaker til språkbyte

Rapporten tar mellom anna føre seg at språkbytet er størst i rand-



# Å nynorsk til bokmål



Illustrasjonsfoto: Berit Roald / NTB / NPK

soneområda og minst i kjerneområda. Det største språkbyttet i grunnskulen skjer i overgangen til ungdomsskulen, og talet på nynorskelevar fell også i perioden mellom ungdomsskulen og tredje året på vidaregåande.

Men sjølv om språkbyttet er størst i randsonene, er nynorskelevar i begge område utsette dersom dei vert i mindretal og får undervisning på bokmål, ifølgje Langnes.

– Viss nynorskelevar byter til ein skule med mange bokmålslevar, og det blir få nynorskelevar i gruppa, kan det sjå ut som at det er større sjanse for at dei byter målform. Det skjer også i nynorsksterke fylke som Møre og Romsdal, seier ho.

Ei anna årsak til språkbytte kan også vere at nynorskelevar vekslar mykje mellom å skrive nynorsk, bokmål og dialekt i uformelle tekstar, både på skulen og i fritida. Dette kan gjere overgangen mindre merkbar for dei, seier Langnes. Sjølv melder elevar som har bytt frå nynorsk til bokmål om at dei synest bokmål er enklare enn nynorsk, som hovudårsak til individuelt språkbytte.

Langnes understrekar at rapporten hovudsakleg tar føre seg individuelle årsaker til språkbytte, men at også kollektive årsaker spelar inn. Demografi og

*Mange av nynorskelevane i randsonene melder om at dei får opplæringa si på bokmål. Dette er skuffande og syner kor viktig det er med målretta tiltak.*

**Tobias Christensen Eikeland,**  
leiar i NMU

endringar i samfunnet og skulen er difor nemnt i rapporten.

## – Det kan ikkje halde fram

Tobias Christensen Eikeland er leiar i Norsk målunddom, og synest det er trist å sjå talet på elevar som byter hovudmål.

– I rapporten står det mellom anna at mange av nynorskelevane i randsonene melder om at dei får opplæringa si på bokmål. Dette er skuffande, og dårleg gjort mot nynorskelevane, og syner kor viktig det er med målretta tiltak i randsonene. Det kan ikkje halde fram slik, skriv han i ein e-post til Nynorsk pressekontor.

Eikeland meiner også at det finst mange løysingar på dette, mellom anna at nynorsk må brukast meir i andre fag enn norsk, slik også rapporten viser til.

– Me er godt kjende med mange av utfordringane elevane møter, men igjen er det trist å lese om opplevingane deira. Elevane skal ikkje trenge å kjempe for å kunna nytte språket sitt. Det er staten, kommunane og skuleeigarane som skal sikre språkrettane.



**MONE CELIN SKREDE**  
Styreleiar i Kringkastingsringen

## Ein kringkastar for alle?

Trass i at medietilsynet tilrår nynorskkrav for TV 2, og at språklova no gjeld, får ikkje kringkastaren **nynorskkrav**.

**DET SÅG LYST** ut for nynorskskrivande journalistar og lesarar i september. Medietilsynet tilrådde TV 2 eit eige nynorskkrav, slik NRK har i dag. Ei masteroppgåve avdekte at avislesarar ikkje naudsynlegvis er så negativt stilt til saker på nynorsk som ein skulle tru. Og det skulle kanskje tilseie at klimaet for nynorskjournalistar ikkje treng å vere så hardt som mange trur.

**TV 2 OPNA** for nynorsk på nett i 2021, og er ein av fleire medieinstitusjonar som har losna litt på språksnippen. Sist ute var Bergensavisen, ifølgje avisa Nordhordland tidleg i november. Påtroppande politisk redaktør Sølve Rydland får ta med seg nynorsken sin inn i den nye stillinga.

**MEN I FRAMLEGGET** til statsbudsjettet vil ikkje Kultur- og likestillingsdepartementet stille krav om ein nynorsk-minsteprosent kringkastaren bør oppfylle. Det er urimeleg dyrt, meiner departementet. Språkrådsdirektør Åse Wetås meiner regjeringa bryt med sin eigen politikk, og sidan språklova tok til å gjelde i januar, er det avdekt at nesten ingen statlege organ oppfyller krava til å spegle språkmangfaldet i sine kanalar. Sjølv ikkje universitet og høgskular held seg til lova. Det understrekar meir enn noko anna at lova trengst.

**ER EIN IKKJE** eksponert for mangfald, blir resultatet at alt anna enn majoritetsuttrykket blir sett på som unormalt. Korleis skal vi sørgje for reelt språkmangfald dersom folket ikkje vert eksponert for det?

## KULTUR- OG LIKESTILLINGSMINISTER

Anette Trettebergstuen seier til NRK at ho vil minne departementet om krava i lova i tildelingsbrevet 2023. Men skal ein lukkast med å auke delen nynorsk både i statlege organ og i medielandskapet, må ein ikkje berre pålegge TV 2 som allmennkringkastar å halde seg til nynorskkravet, sjølv om det er ein god start. Ein må òg sjå på kva ein faktisk måler. Kva er det eigentleg som gjer at NRK har klart nynorskprosenten to gonger dei siste åra? Er det reprisane av *Med hjartet på rette staden* på føremiddagane, dialektbruk på TV, eller er det redaksjonelt innhald på nyheitsfronten? Finn ein ut det, er ein nærare svaret på korleis det eigentleg står til med nynorsken som mediespråk i Noreg, og kva ein kan gjere for faktisk å auke språkmangfaldet.



I veke 43, 44 og 45 (30 oktober til 19. november) har Noregs Mållag og Norsk Målungdom vore på **Nynorskstafetten**. Både skulane og barnehagane mållaget vitjar, får flygeblad med gode tiltak for nynorsken, saman med bokpakkar og anna materiell. På fleire av skulane blir det halde **Målferd**.

**NYNORSKSTAFETTEN BLEI STARTA** i høve 200 års-markeringa av Ivar Aasen. Målet var å dra same ruta som Ivar Aasen, der alle nynorskkommunar og språknøytrale kommunar blir vitja. I 2013 var Mållaget over 160 dagar på vegen for nynorsken. Nynorskstafetten har halde fram også etter markeringa, men då i eit mindre format. Turen varar no i 3 veker, der ruta blir køyrt over tid oog teken opp att når vi har vore runden.

Målet med turen er både å inspirere, utfordre og lytte til erfaringar omkring nynorsk i kommunenoreg.

**MÅLFERD ER NORSK** Målungdom sitt faste opplegg for skuleelevar, som er blitt halde i fleire tiår.


Vanlegvis er målferda delt i to. Fyrst blir det halde ei innføring i den norske språkhistoria, med fokus på korleis me enda opp med to skriftspråk. Deretter pratar NMU med elevane om haldningane deira til nynorsk og dialekt, og ser på korleis stoda er for det norske språkmangfaldet i dag.

Målet er å gjere elevane medvitne om språkvala sine, i tillegg til å syne at det står betre til med nynorsken enn mange trur.

- 1 Stafettbilen utanfor «Slidredomen» med Per Henning Arntsen og Johanna Fuglesteg.
- 2 Rasmus Tennø Loe held målferd på Øystre Slidre skule.
- 3 Gro Morken Endresen gir stafettpinne til varaordførar i Vestre Slidre, Gerd Nanti Vika Helle.
- 4 Dag Aanderaa – vert for kvelden – fortel om garden og overnattingsstaden Uppigard Natadal.
- 5 Vitjing hjå Vest-Telemark Blad ved Øystein Øyggarden.
- 6 Tobias Christensen Eikeland held målferd på Hemsedal barne- og ungdomsskule.
- 7 Vitjing hjå Heggebø friluftsbarnhage i Øystre Slidre.
- 8 Koselege ord på nynorsk på Lidar skule i Øystre Slidre.
- 9 Vitjing hjå Beito barnehage i i Øystre Slidre.
- 10 Kommunedirektør i Nissedal, Sverre Sætre, får stafettpinne frå Vemund N. Knudsen.
- 11 Møte med Høre barnehage i Vang kommune.
- 12 Tobias Christensen Eikeland og Ingar Arnøy utanfor stafettbilen i veke 2.







## ET LANGET RUNGT

### NY LEIAR I LOM OG SKJÅK DIALEKT- OG MÅLLAG:

På årsmøtet 28. september blei **Lise Røthe Høgvold** vald til ny leiar i lokallaget i Nord-Gudbrandsdalen. Me ynskjer til lukke!

**BYGDALARM FEKK MÅLPRISEN 2022** frå **Kvam Mållag**, fordi dei meiner han er med på å gjera nynorsken meir attraktiv for unge.

**ALLSONG PÅ UNGDOMSHUSET:** Søndag 23. oktober var det allsong på ungdomshuset Vaarvon i Straumgjerde. Der delte Sykkylven Mållag også ut Målprisen. Målprisen gjekk til **Brøvøllsfestivalen**, for kreativ bruk av dialekt og god bruk av nynorsk på festivalen og på tilhøyrande nettstad. Til stades for å ta imot prisen var Anette Fet og Una Meldrum.

**KULTURVELD I BALSFJORD:** **Anne Nymo Trulsen** var hovudtrekkplasteret då Balsfjord Mållag inviterte til kulturkveld. Drygt 40 gjestar sette pris på musikk som Anne frå Olsborg presenterte i kantina på den vidaregåande skulen.

**VERVERIK KVISSKVELD:** Herøy Mållag skipa litteratur og kviss med **Stig Ulv** 27. oktober, og verva heile sju nye medlemmer.

**MINNEKVELD:** Hareid mållag var arrangør av minnekvelde for **Marie Lovise Widnes** (1930–2021) på Hareid folkebibliotek tysdag 1. november. Marie Lovise Widnes er tidlegare utnemnd til heidermedlem i Noregs Mållag i høve 100-årsjubileumslandsmøtet i 2006.

**FRUKOST MED BOKSLEPP:** Tysdag 1. november inviterte Kvitvella Forlag og Jan Askildsen til frukost med bokslepp i Pressens hus, Skippergata 24. Kvitvella Forlag er eit lite forlag i Valdres som Nord-Aurdal Mållag står bak. Boka som blei lansert, var ei barnebok av **Torild Dedekam: Jakta på drakeegget**. – Vi har trykt den store boka for å markere at vi ynskjer å gi boka, spesielt barnebøkene, eit løft i ei tid der barn og unge les færre bøker enn før, seier Aud Søyland. Boka har formatet 100 x 70 centimeter.

**MOTIVASJONSSEMINAR I SELJORD** med Telemark Mållag. Laurdag 5. november var det duka for seminar for Telemark Mållag i Granvin kulturhus i Seljord. På programmet var **Kristin Berge**, som har ansvar for nynorsk i fylkeskommunen i Vestfold og Telemark. Ho prata mellom anna om nynorskroboten frå Nynorsk pressekontor. **Eline Bjørke**, leiar i Noregs Lærarmållag, heldt føredrag om stoda for nynorsken i skulen i dag og kva Mållaget kan gjere for å få meir nynorsk i skulen. **Hege Lothe** og **Vemund Norekvål Knudsen**, som var på nynorskstafetten i Telemark, heldt føredrag om nynorsk i lokalvalkampen og om digitale ressursar på nynorsk.

### BOKLANSERING I SANDEFJORD

**OG SANDAR MÅLLAG:** Onsdag 9. november var det boklansering av «Felemakar og felespelar» med foredrag av Lars Ingar Fjeld og hardingfelekonserter. Dette fann stad i Øvre Myra i Schanches gate 24 i Sandefjord.

**BOKMØTE:** 16. november skipa Noregs Bygdekvinneleg og Mållaget Ivar Kleiven bokmøte på Vågå Frivilligsentral. Det blei presentasjon av nye bøker ved bibliotekar Gro Dybvik. Der blei det også verva nye medlemmer.

**NILS ULVUND**, leiar i Sunndal Mållag, var på Skaugum i midten av november for å få heider, helse på kronprispåret og saman med mange frivillige frå heile Noregs feire frivilligheita. Studieforbundet kultur og tradisjon har nominert han til **Frivillighetsprisen 2022** for hans arbeid for å inkludere flyktingar i Sunndal kommune. Der har Nils Ulvund og Sunndal Mållag har stått i spissen for kulturvandringar, fisketurar, familiedagar, språkkafear, matarrangement og teorikurs til føreropplæring for å nemne noko.



Fonna Forlag har fått nye eigarar. No kjem det igjen nye forteljingar om **Ingeniør Knut Berg** og **Vangsgutane**. Ingeniør Knut Berg kjem for første gong på samisk.

# Fonna rasar vidare



**NORSK TIDEND MØTER** dagleg leiar Kjartan Helleve i arkiva til Fonna Forlag på Tveita i Oslo. Me blir møtte av fleire hyllemeter med bøker som høyrer til eit bokantikvariat. Deretter fleire haugar med pappøskjer og papir. Kjartan er ny majoritetseigar av Fonna Forlag, eit forlag som kanskje er best kjent for dei årlege julehefta *Vangsgutane* og *Ingeniør Knut Berg*.

– Det eg overtok, var ein pappøskjejungel og eit salig rot, men no er det nokolunde orden her, seier Kjartan Helleve.

Han snurrar på hjulet til arkivskåpet. Skåpa går frå kvarandre og viser fram meter på meter med permar, bøker og papir. Sortert etter dato og kategori.

– Velkommen til gullgruva, seier Kjartan. Her er det eit fullverdig administrativt arkiv, nesten heile historia til Fonna Forlag frå 30-talet fram til i dag. Er det ikkje fantastisk?

– Korleis fekk du ideen om å kjøpe Fonna Forlag?

– For to–tre år sidan kom det opp ein notis om at han som eigde Fonna Forlag ønskte å selje. Då kom Marit Aakre Tennø, tidlegare rådgjevar i Noregs mållag, til meg og spurde om ikkje me skulle kjøpe Fonna Forlag. Det som begynte som ein litt morosam draum, blei til alvor då eg drog

på besøk til eigaren ei stund etterpå, fortel Kjartan.

– Han som eigde forlaget var forretningsmann med fleire jern i elden, kan ein seie. Me vurderte det slik at han ville ut, og kunne gjere kva som helst med forlaget. Det inkluderte å kvitte seg med heile greia – også det fysiske arkivet.

– Og kva var så hovudmotivasjonen for å kjøpe opp forlaget?

– Det er to grunnar. Den første var at det verka gøy å eige og drive eit forlag. Den andre grunnen er at eg ville ta vare på kulturhistoria, svarar Kjartan.

– Korleis har det gått til no?

– Det har vore ein lang prosess. Eg kan ingenting om å eige noko, eg kan ingenting om aksjar, eg kan ingenting om konsern, eg kan ingenting om moms. Det har rett og slett vore ein stor læringsprosess å ta over og drive eit selskap.

## Frå idealist til realist

– Kva gjorde du før du blei redaktør for eit forlag?

– Eg er ikkje heilt grøn. Eg har vore med på å trykkje og gi ut ein del. Eg har vore med på bokutgjevingar på ulike vis: formgjeving, foto, trykk og innhald. Eg jobba tre år i Samlaget for lenge sidan. Så eg har altså kjennskap til forlagsbransjen. Eg veit kva eit ISBN-nummer er, ler Kjartan.



**NYNORSK FOR FOLKET:** Kjartan blar i ei utgåve av *Nynorsk Vekeblad*. *Nynorsk Vekeblad* var del av Fonna forlag sitt prosjekt om å gje ut populærkulturelle utgjevingar i nynorsk språkdrakt.

Så har eg jo også jobba i Noregs Mållag og Kringkastingsringen, legg han til.

– Det forretningsmessige er der eg har manglande kunnskap. Skjemaveldet, avrekningar og slikt. Det er rart å vere ein person som plutseleg





**VERDIFULLT ARKIV:** – Eg er glad for at Samlaget aldri kjøpte opp Fonna, då trur eg ikkje me hadde hatt arkivet lenger, seier Kjartan. Her blar han i ei utgåve av ungdomsromanen «Tilfeldighetens spill». Fonna ga også ut bokmålsbøker.

## FONNA FORLAG

- NT Fonna forlag blei grunnlagt i Oslo i 1940 av Hans Aarnes. Forlaget har gjeve ut fleire nynorske bøker. Den første norske omsetjinga av Ian Flemings James Bond-bøker er ei av dei: *Frå Moskva med kjærleg helsing* (1959).
- NT Leksikonet Norsk Allkunnebok i ti band (1949–1966) er blant dei meir omfattande utgjevingane.
- NT Nynorsk Vekeblad, som kom ut frå 1934 til 1954. Frå 1940 blei vekebladet gjeve ut av Fonna forlag. På høgda var opplaget på 32 000.
- NT Julehefta Vangsgutane og Ingeniør Knut Berg på eventyr held fram framleis, og er det som har halde liv i forlaget dei siste tiåra.
- NT Frå 1940 til 2021 har forlaget gjeve ut 589 titlar totalt.
- NT I styret i dag sit Kjartan Helleve, Sigrid Sørungård Botheim, Marit Aakre Tennø og Frida Pernille Mikkelsen.

tenkjer på pengar, ikkje berre idealisme, historie, tradisjon og kultur. Det er ein overgang.

– Kva er satsingsområda? Kor ser du føre deg Fonna om 1, 5 og 10 år?


– Eg kan vel seie at det finst prosjekt og idear, men nokon femårsplan har me ikkje artikulert. No kjennest det som at me framleis lærer. Det som må skje, er at me må verte synlegare, gje ut meir enn julehefta og oftare, og det må vere enkelt å kjøpe dei.

## Populærlitteratur og folkeleg nynorsk

– Det finst allereie to utprega nynorskforlag i Noreg, Samlaget og Skald. Korleis skal de skilje dykk ut frå dei?

– Innholdsmessig har me snakka om at Fonna Forlag er bygd på populærkultur- og litteratur, og ein folkeleg nynorsk. Det ønsker me å halde fram med.

– Samlaget gjer mykje bra. Og Skald er jo fantastiske. Så me må finne oss ein plass mellom desse to. Eg trur det finst rom for mange nynorske forlag, og dersom me klarar å gjere Fonna Forlag til meir enn eit utvida einpersonsføretak, trur eg det er mogleg.







**LULESAMISK:** Fonna forlag gav ut lærebøker for born på lulesamisk.

– Det er jo heller ikkje mangel på mindre forlag i Noreg i dag?

– I dag er det om lag 200 andre småforlag som tenkjer på det same som oss: kva bøker kan ein produsere som ein kan tene masse på utan at det kostar for mykje? Det er jo ei utfordring.

– Men håpet vårt, og det me trur, er at nynorsklojaliteten er sterkare enn ein er klar over. Eg trur det er nok folk som synest nynorsk i seg sjølv er gøy. Det er ein forretningsføremon som andre forlag ikkje har.

– Fonna er glad i den nynorske kulturen og historia, me veit kvar me kjem frå, og det trur me det er mange nok som vil vere med på. Prosessen om kva me skal gjere no framover, går framleis. Kva skal me eigentleg bruke dette til, utover å gje ut julehefte?

– Kvifor kjøpe Fonna og ikkje berre starte eit eige forlag?

– Fonna Forlag sel om lag 20 000 julehefte i året, utan særleg marknadsføring. Der er det altså potensial. Vangsgutane er ein sterk merkevare. Knut Berg har, i dei rette miljøa, også eit godt rykte. Dette er ein viktig grunnmur og sikkerheit, kan ein seie. Me startar ikkje frå ingenting.

### Knut Berg på samisk

– De skal satsa på utgjevingar på samisk. Fortel meir om den samiske utgåva av Ingeniør Knut Berg.

– To ting: Han som teiknar Knut Berg no, Øyvind Lauvdal, bur i Misvær og er opptatt av det samiske. I tillegg er det slik at når han fekk frie hender til å skrive og teikne ein ny Knut Berg, så laga han ei forteljing om «I Sápmi», der Knut Berg opnar Nord-Noreg-banen.

– Fonna Forlag har tidlegare gjeve ut «Mine første 1000 ord» på heile tre samiske språk, og har hatt eit samarbeid med Sametinget tidlegare. Desse bøkene har vore ein suksess for forlaget, mest på bokmål vel og merke, men dei samiske har også selt nokolunde bra.

– Så det er pengar i dette?

– Denne satsinga kjem ut frå ein smånaiv idé om at «no har me eit forlag, no kan me gjere kva

me vil». Det er ei blanding av idealisme og at det er gøy. Særleg det at det er eit julehefte og attpåtil eit sci-fi hefte på samisk er så kult! Forretningsmessig er det moglegvis eit bomskot, men me får sjå.

– Er det greitt at Fonna Forlag, som ikkje har nokon med samisk tilknytning i redaksjonen, gjev ut samisk litteratur? Det er jo her snakk om ei omsetjing frå nynorsk til samisk, ikkje originale samiske verk.

– Sametinget fortalde oss at hovudproblemet med samisk litteratur er at det er gjeve ut for lite. For dei som les mykje, er det enkelt å lese seg gjennom alt som blir gjeve ut i løpet av eitt år. Det er på ingen måte eit problem at det kjem ut meir litteratur på samisk.

– Eg trur også det er ein styrke at Knut Berg ikkje spelar på det alt for mange tenker på «typisk» samisk kultur og uttrykk. Det er som med nynorsken: samisk språk kan brukast til alt. Eg trur det er ei feilkopling å meine at samisk litteratur må leve opp til ein eller annan idé om kva som er «samisk».

– Eg synest det er kult at eg eig eit forlag som har gjeve ut bøker på lulesamisk [1500 brukarar på verdsbasis, journ. merk]. Me har tru på ein slags «mange bekkar små blir ei å»-greie. Netflix har tent pengar på å breie ut det kulturelle og språklege mangfaldet sitt.

### Forlaget som av slo Jon Fosse

– Me står i arkivet til Fonna Forlag. Kva er det mest spennande du har funne her?

– Eg har vore overraska over kor mykje originale teikningar til bokomslag eg har funne. Det er originaleteikningar til Ingeniør Knut Berg her. Å kome over dette gjev meg ærefrykt! Dei er svært vakre.

– Og berre tenk kva som finst av forlagshistorie



**AMBISIØST:** Fonna forlag hadde eit tydeleg folkeleg opplysningsprosjekt. Blant dei meir ambisiøse utgjevingane er Norsk allkunnebok i ti band, som nesten slo forlaget konkurs.

her! Det som finst i desse permene, er språkpolitiske dokument. Her er eg overtydd om at det finst mykje gull, og eg har ikkje fått sett gjennom alt enno. Av nyare forlagshistorie fann eg ein korrespondanse mellom Fonna Forlag og Jon Fosse, der han fekk avslag: «Oppattaking KAN vere eit effektivt stilgrep når det blir brukt med måte, men det MÅ vere måte på.» Det var sjukt morosamt å finne han blant ein haug med ganske uinteressante avslag.

Kjartan fortel Norsk Tidend at han søkte om støtte til å få rydda i lageret. Det er også den einaste statlege støtta han har fått til no, og det nærmaste han har kome å få ei løn for arbeidet.

– I fjor søkte eg Kulturrådet om pengar til tre ting. Me ønskte å gje ut ei «Knut Berg komplett»-bok for å samle alle hefta på ein plass. Eg søkte også om støtte til å lage ein nettbutikk for å få selt det me





**KNUT BERG PÅ SAMISK:** Her er den nytgjenvne samiske utgåva av Knut Berg.

## INGENIØR KNUT BERG

- Teikna av Jostein Øvrelid (pseudonym Ronald Stone) og skrive av Hallvard Sandnes (pseudonym Vagleik Vikli).
- Vart først trykt i Nynorsk Vekeblad frå 1941 til 1954. Blei samla i årlege hefte frå 1943.
- I 1960 kom det siste heftet med dei originale skaparane. Frå 2000 kom det opptrykk av gamle forteljingar.
- I 2007 kom det nye forteljingar med manus av Jon Bing og Tor Åge Bringsværd, og teikningar ved Knut Westad. Frå 2010 var det igjen opptrykk av gamle seriar.

Kjelde: SNL

## VANGSGUTANE

- Starta som ei motvekt til den amerikanske serien Knoll og Tott.
- Var på trykk første gong i Nynorsk Vekeblad i 1940, men kom som eige julehefte frå 1941.
- Kom i nye hefte fram til 1981. Fram til 2011 kom det berre opptrykk av eldre hefte.
- Frå 2011 av kom det nye forteljingar skrivne av Sverre Årnes og teikna av Ivan Andreassen.

Kjelde: SNL



**KAOS:** Slik såg det ut då Kjartan overtok arkivet.

har på arkivet. Og så søkte eg om støtte til å rydde i arkivet, få dekt utgifter knytt til rydding og kasting og slikt. Det er det einaste me fekk støtte for.

– Eg trur avslaget kjem av at prosjekta var for dårlege, ikkje at me er små. Men eg trur dette vert betre med tida.

Å bla gjennom arkivet gjorde også Kjartan



**ORDEN:** No er rotet organisert og sortert og blitt til gull, ifølgje Kjartan.

medviten om kor tøft det kan vere å drive forlag. Særleg eit så lite forlag som Fonna.

– Når me gjekk gjennom breva og rekneskapanane, blei forretningsmannen i meg litt redd. Av å sjå kor tøft dei har hatt det opp igjennom. Fonna har vore nær konkurs lenge. Me har funne spor av om lag 120 aksjeeigarar. Dei eigarane er nok nynorskfolk som støtta forlaget ein gong på 70-talet då dei var nære konkurs.

– Derfor er eg veldig glad for jobben Roald Wakt skjold har lagt ned over mange år. Han er hovudgrunnen til at forlaget framleis eksisterer, og har nokolunde sunn økonomi.

– Heldigvis er også vilkåra for å drive forlag i Noreg veldig gode. Ein må berre lære seg korleis ein blir del av industrien, og det er me ikkje ein del av nett no.

– Grunnleggjaren av Fonna Forlag, Hans Aarnes, sa at å tene pengar på nynorsk er like lett som å livberge seg på eit svaberg. Har du von for Fonna Forlag?

– Samlaget og Skald har jo synt oss at dette er fullt mogleg! Det skal godt gjerast å få marknadsført dette, men me elsker Knut Berg! Så dette skal me få til.

Nye hefte med Ingeniør Knut Berg og Vangsgutane kom i november i år.

– Me har opna ein mellombels butikk i Brugata i Oslo som skal vera open fram til jol. Der sel me eigne julehefte, men òg utgjevingar frå Norsk Barneblad, Skald og Samlaget. I tillegg skal me ha ein del tilskipingar om kvelden. Samlags-forfattar Anders Totland var første gjest 22. november.

MEMUND NOREKVÅL KNUDSEN  
vemund.knudsen@nm.no





Kulturminister Anette Trettebergstuen (Ap) overrekker prisen for Årets nynorsk-kommune til fylkesordførar i Vestland, Jon Askeland (Sp). Foto: Vemund N. Knudsen

## Vestland er årets nynorsk-kommune

Juryen heidrar Vestland fylkeskommune for det grundige og gjennomtenkte arbeidet med **nynorsk på alle samfunnsområde**.

– I ÅR har juryen sett særleg positivt på kommunar som har sett i gang tiltak for å etterleve krava i den nye språklova, skriv juryen i grunngjevinga si.

Frå i år deler Kultur- og likestillingsdepartementet og Språkrådet ut prisen «Årets nynorsk-kommune» annakvart år, og prispotten er dobla til 200 000 kroner. Prisen blei delt ut av kultur- og likestillingsminister Anette Trettebergstuen under eit frukostseminar på Litteraturhuset i Oslo 24. oktober. *Norsk Tidend* var til stades under utdelinga.

I grunngjevinga skriv juryen at Vestland fylkeskommune er best i si klasse og har nytta dei verkemidla kommunen rår over.

– Dei tilsette har god kjennskap til språklova, noko det har vore viktig for oss å løfte fram i år, seier juryleiar Margrethe Kvarenes

Vestland har arbeidd grundig og systematisk for å sikre at tilsette kjenner språklova og at dei har kompetanse og høve til å følge opp. I Vestland er nynorsken representert i planar og strategiar, og han er synleg i offentlege rom, også når det har vore upopulært, er det å lese i grunngjevinga frå juryen.

Fylkesordførar i Vestland, Jon Askeland (Sp), tok i mot prisen på vegner av Vestland fylkeskommune. I samband med utdelinga av prisen blei det arrangert ein debatt om kva det vil seie å vere språknøytral. I panelet sat:

- Svein Olav Langåker**, direktør i Landssamanlutninga av nynorsk-kommunar (LNK)
- Solveig Vestenfor**, ordførar i Ål kommune
- Inghild Vanglo**, leiar av regional-, kultur- og næringsutvalet i Rogaland fylkeskommune
- Astrid Randen** frå NRK var debattleiar.

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN

### JURY

- NT Margrethe Kvarenes, seksjonssjef i Språkrådet
- NT Gro Morken Endresen, dagleg leiar i Noregs Mållag
- NT Svein Olav Langåker, dagleg leiar i Landssamanlutninga av nynorsk-kommunar (LNK)
- NT Ole Johan Østenstad, prosjektleiar i nye Sunnfjord Kommune
- NT Gaute Øvereng, administrasjonssjef i Nynorsk kultursentrum

# Nynorsk næringsliv

**Nynorsk bedriftsforum** heldt stiftingsmøte på Skaparhuset i Ulsteinvik den 15. november 2022.

**DEN NYE** medlemsorganisasjonen Nynorsk bedriftsforum skal vere eit landsdekkande nettverk av og for nynorskbedrifter. Målet er å betre dei språklege arbeidsvilkåra for nynorskbedriftene, slik at det blir like lett og sjølvstøtt å drive næringsverksemd på nynorsk – som på bokmål eller engelsk.

Ifølgje ei forundersøking mellom eit trettittals potensielle medlemsbedrifter, er det ofte både dyrare, vanskelegare og meir tidkrevjande å vere nynorskbedrift enn bokmålsbedrift. Likevel held nynorskbedriftene fast på språket sitt.

– Det seier seg sjølv at dette er stolte og viljesterke bedrifter, seier initiativtakar og dagleg leiar i Nynorsk bedriftsforum Monika Haanes Waagan.

– Det er på høg tid at vi no utnyttar krafta som ligg i eit samla nynorsk næringsliv, held ho fram.

### Stor innsats

Synnøve Kleiven representerer Ulstein Group i styret for Nynorsk bedriftsforum. Kleiven har lang erfaring med å bruke nynorsk som næringslivsspråk.

– Nynorskbedriftene legg ned ein stor innsats for skriftspråket vårt, seier ho.

– I alle delar av næringslivet finst der nynorskbedrifter som dagleg forvaltar og vidareutviklar nynorsk som fagspråk og næringslivsspråk. Å ha eit nettverk der vi deler erfaringar og utvekslar kunnskap, vil gi oss ein nyttig «ressursbank». Vi vil kunne jobbe saman for løysingar som gjer nynorsken mindre ressurskrevjande og meir attraktiv.

### Vil ha endringar

– Språkutviklinga i Noreg har lenge vore påverka av utanlandske teknologigigantar, hevdar Monika Haanes Waagan.

– Når søkemotorane systematisk filtrerer bort nynorske søk og søketreff, og ignorerer at vi har to likeverdige norske skriftspråk i Noreg, er det klart at noko må endrast.

Tanken bak etableringa av Nynorsk bedriftsforum er at ein blir både betre, sterkare og meir effektive når ein står samla. Som enkeltbedrift er det lett å kjenne på maktesløyse, medan ein kan få til store og viktige endringar i fellesskap.

### Stiftarane

- Akka AS
- Nynodata AS
- Ulstein Group
- Maritim foreining for Søre Sunnmøre (MAFOSS)
- Noregs Mållag
- Landssamanlutninga av nynorsk-kommunar (LNK)

### Snille litt for lenge

– Nynorskbedriftene har nok vore stille og snille litt for lenge, seier styreleiar i Nynorsk bedriftsforum Jan Thormodsæter. Han håpar



at etableringa også vil bidra til større språkleg sjølvtilitt ute i bedriftene.

– No er tida komen for nynorskbedriftene til å bli litt meir breibeinte,



## Dialektprisen

Norsk Målungdom har kåra **Karsten Warholm** til vinnaren av Dialektprisen.

**PRISEN GÅR KVART** år til eit dialektføredøme for ungdom, og blir delt ut av landsstyret i Norsk Målungdom. Warholm får prisen for å vera ein stolt ambassadør for dialekta si.

– Han er ikkje berre verdsmeister i hekk, men òg i dialekt, seier leiar i Norsk Målungdom, Tobias Christensen Eikeland.



# v foreinar kreftene



Monika Haanes Waagan, dagleg leiar og Jan Thormodsæter, styreleiar

Foto: Nynorsk Bedriftsforum

høgrøysta og synlege, seier Thormodsæter.

Anders Riise er næringslivs-ansvarleg i Noregs Mållag og sit også som styremedlem i det nystifta forumet. Riise fortel at

Noregs Mållag er godt kjend med utfordringane næringslivet står over for.

– Gjennom ein medlemsorganisasjon som denne kan næringslivet utnytte si

eiga forbrukarmakt og få meir kraft bak ønska sine. Men for å få dette til, må bedriftene melde seg inn, seier Riise.

Nynorsk Bedriftsforum

## Optima pH får Nynorsk Næringslivspris

– Dei får prisen fordi dei har ein imponerende **heilskapleg språkprofil**, som gjennomgåande held den høgaste kvalitet, seier Anders Riise, juryleiar og styremedlem i Noregs Mållag.

**NYNORSK NÆRINGSLIVSPRIS ER** ein nasjonal pris. Han vart fyrste gong delt ut i 2006. Føremålet med prisen er å fremja innsats for og bruk av nynorsk i næringslivsverksemd. Årets pris vart delt ut på haustseminaret til Noregs Mållag i Oslo.

### Nynorsk overalt

Juryen merkar seg at Optima pH nyttar det same gode språket i alle flater dei er synlege. Det gjeld både på heimesida, Facebook, Instagram og på sjølve produkta dei sel.

– Ikkje minst merkar juryen seg måten firmaet marknadsfører seg på, som i tillegg til godt språk er prega av god informasjon, humor og originalitet. At alt dette vert formidla på nynorsk, er svært gledeleg å sjå, seier Anders Riise.

### Fem tilsette

Opphavet til det familieeigde firmaet går tilbake til 1987, då veterinær Magne Skjervheim gjorde forsøk med å tilsetja maursyre i fôr til gris. I dag tilbyr Optima pH eit breitt utval produkt til både folk, dyr og til reinhald. Bedrifta held til i Norheimsund i Kvam herad og har 5 tilsette. Dei produserer hudvask og hudpleie for menneske og dyr, og produkt for vask og desinfeksjon av rom og utstyr.

– Økologi er ein hjørnestein for firmaet, og dei held fram økologi som samanhengen mellom levande organismar og miljøet. Litt som samanhengen mellom nynorsk og dialektane. Begge delar har vist seg å gje gode resultat, seier Anders Riise.

### Unik verdi

Juryen håpar at andre leverandørar til landbruket, og andre næringar, merkar seg fordelane ved å nytta nynorsk i marknadsføringa. Mange verksemdar spelar på lokal tilknytning, identitet og kultur.

– Vi trur at å bruka det språket som best uttrykkjer den kulturen ein vil knyta identiteten sin til, er det som gjev det beste resultatet. I vår tid er det å vera unik ein viktig verdi, og her gjev nynorsken eit klart konkurransefortrinn. Det er marknadsføringa til Optima pH eit klar prov på, seier Anders Riise.

NOREGS MÅLLAG

## n 2022 går til Karsten Warholm

Karsten Warholm er ein idrettsutøvar frå Ulsteinvik. Han blir rekna som ein av Noregs beste idrettsutøvarar gjennom tidene. Han er verdsmeister i hekk, og vann OL-gull på 400 meter hekk i Tokyo i 2021. Han vart kåra til årets namn på Idrettsgallaen i 2018 og 2020.

– For meg er det naturleg å halde på dialekta mi, sjølv om eg har flytta frå Ulsteinvik og Sunnmøre, seier han.

– Det er sjølv sagt ikkje alltid like enkelt å halde på dei mest typiske dialektorda,

for det er rett og slett ikkje alle ord alle forstår når ein er utanfor heimstaden, men eg tør påstå at dei fleste dialektorda har eg framleis i vokabularet mitt.

Sjølv om han har vunne meisterskap verda over, er han framleis stolt over å vera sunnmøring!

– Det er ein del av identiteten min, og eg finn det naturleg å snakke slik eg alltid har snakka, sjølv om eg har flytta til ein annan kant av landet, seier Warholm om kvifor han synest dialekt er viktig.

Dialektprisen vart utdelt for første gong i 2001, og blir delt ut kvart år av landsstyret i Norsk Målungdom. Det er den einaste språkprisen som blir delt ut av språkengasjerte ungdommar, noko som også bidreg til at han er ein av dei mest prestisjetunge. Blant tidlegare prisvinnarar finn vi namn som Victor Sotberg, Linda Eide og Daniel Kvammen.

Prisen vart delt ut på Det Norske Teatret laurdag 5. november kl. 15.00.

NORSK MÅLUNGDOM.



Dagleg leiar av Optima pH Ingunn Bjørke og juryleiar Anders Riise.

Foto: Vemund N. Knudsen



# Wikipedia skal bli betre på samisk

**DEN NORDSAMISKE** versjonen av Wikipedia har mange omgrep på norsk eller engelsk. No skal programvara omsettast slik at samiske språkbrukarar får all tekst på sitt eige språk.

– Berre 22 prosent av kjerneprogramvara er omsett til nordsamisk. I dag vil nordsamiske språkbrukarar møte norske eller engelske ord og hjelpetekstar når dei brukar nettsida eller appen. Målet er at dei skal få ei fullverdig språkoplevning på

nordsamisk, fortel Jon Harald Søby i Wikimedia Norge i ei pressemelding.

I desse dagar er det samisk språkveke, og sametingsråd Mikkel Eskil Mikkelsen er glad for at Wikipedia på nordsamisk blir vidareutvikla.

– Dei samiske språka er avhengige av å bli brukte på fleire arenaer. Det synleggjer det språklege mangfaldet og har ein direkte positiv effekt for språkutviklinga, seier Mikkelsen.

Med seg i prosjektet har Wikimedia mellom anna GiellaTekno, som er forskingsgruppa for samisk språkteknologi ved Universitetet i Tromsø, og Lemet Máhtte Eira Sara, som tidlegare har omsett dataspellet Minecraft til nordsamisk. For å vurdere nye omgrep vil omsetjarane også støtte seg på Sámi giellagáldu, som tilbyr språkhjelp og rettleiing ved bruk av dei samiske språka i Norden.

NPK

# Stor stø

Ei undersøking frå LNK sendt ut til IKT-sjefane i medlemskommunane viser stor oppslutnad for å regulere dei digitale læremidla.

**TIDLEGARE I ÅR** omtalte *Norsk Tidend* LNK-undersøkinga som gjekk ut til rektorane i medlemskommunane. No følgjer LNK opp med ei undersøking som er sendt ut til IKT-sjefane i medlemskommunane til LNK: 85 kommunar og 3 fylkeskommunar. Det er kome inn 33 svar på vegner av 49 kommunar og 3 fylkeskommunar. Funna frå denne undersøkinga er ikkje tidlegare publiserte.

*Norsk Tidend* har høyr med Svein Olav Langåker, leiar i Landsamanslutninga av nynorsk-kommunar, om funna.

– *Kven tar avgjerla om kva læremiddel ein skal bruke?*

– Det er i stor grad skulane sjølv som bestemmer kva læremiddel dei skal bruke. Undersøkinga fortel oss at skulane då sit mellom borken og veden: dei kan velje å halde nynorskstien rein og dermed måtte seie nei til ein del læremiddel. Då er det mange verktøy skulane ikkje får tatt i bruk, og dei risikerer å gi eit dårlegare tilbod.

– Innkjøp av maskinvare er det kommunane som bestemmer. Her har verken Google eller Apple nynorske operativsystem eller skriveprogram. Kring 30 prosent av skulane bruker skriveprogram utan brukande ordliste og stavekontroll. Det er svært skadeleg at elevane får raude strekar når dei skriv rett nynorsk.

## Stor regulering og politiske tiltak

– *Kva meiner IKT-sjefane kan bli gjort med situasjonen?*

– Dei fortel oss at det er vanskeleg å stå åleine, og at ein derfor treng regulering. Mykje av ansvaret ligg sjølvsagt hos lærebokforlaga.



**BETRE NYNORSKOPPLÆRING:** Det er Gudrun Kløve Juuhl, Hjalmar Eiksund og Kristin Kibsgaard Sjøhelle som står bak den nye læreboka *nynorskdidaktikk*. Foto: Lene Mo Flataker.

# Ny lærebok vil vise at nynorskopplæring er moderne

Lærarstudentar og norsk-lærarar som strevar med nynorsk, får gjennom ei ny bok høve til å **styrkje nynorskkompetansen** sin.

– **BOKA ER SETT SAMAN** av ulike emne vi meiner er viktige for lærarar som underviser i nynorsk som både hovudmål og sidemål. Det finst så mange andre inngangar elevane treng å møte enn berre språkhistorie, Ivar Aasen og grammatikk, seier Kristin

Kibsgaard Sjøhelle i ei pressemelding.

Saman med Gudrun Kløve Juuhl og Hjalmar Eiksund står ho bak den nye boka *Nynorskdidaktikk*. Dei har alle forska på, og underviser i nynorskdidaktikk ved Institutt for språk og litteratur på Høgskulen i Volda.

I 2018 såg dei eit behov for ei oppdatert bok for lærarar og studentar om nynorskopplæring. Forfattarane håper at boka vekker meir interesse for nynorsk.

– Også blant dei som tykkjer nynorsk er framand eller vanske-

leg. Dette er ei lærebok som skal vere meir tilgjengeleg og lettlesn, og ho vil passe inn i lærarutdanningane over heile Noreg, seier Kibsgaard Sjøhelle.

Høgskulen i Volda tilbyr eit nettbasert studium, Nynorsk i opplæringa del 2, som gir lærarar og andre moglegheita til å styrkje nynorskkompetansen sin. Nynorskdidaktikk er no blitt pensum der, men også på fleire andre studium.

– Vi har lyst til å vise at nynorskopplæring er moderne, og at det er eit aktivt skriftspråk, seier Sjøhelle.

NPK

# Engelske mas

**NTNU HAR FÅTT** kritikk for å ikkje ha norske namn på sentra sine og ikkje prioritere språkpolitikk. No foreslår eit utval at alle masteroppgåver på engelsk skal ha eit samandrag på norsk.

Språkrådet og Direktoratet for høgare utdanning hadde denne veka eit møte med representantar frå ulike universitet og høgskular for å diskutere norsk fagspråk.



# tte for digitale nynorskkrav



Svein Olav Langåker. Foto: Magne Langåker

– Om ein ser på tabellen som viser kor godt læremidla verkar på nynorsk, er det tidvis svært varierende svar. Det er dødt løp mellom «har fleire manglar på nynorsk» og «fungerer minst like godt på nynorsk». Korleis kan opplevingane sprike så stort?

– Dette er tal frå den andre undersøkinga. Det kan kome av at det i hovudsak er rektorane som har svart på undersøkinga, og det kan variere i kva grad rektorane har sett seg inn i læremidla som blir brukte. Her er det forskjell mellom små og store skular.

– Enkelte rektorar sender inn skrivefeil direkte til forlaga. Andre har ikkje tid til å setje seg så mykje inn i dei digitale læremidla.

## Bruk forbrukarmakta

– Kva meiner du må bli gjort med situasjonen for digitale læremiddel i skulen?

– Me må få kommunane til å bruke marknadsmakta si som forbrukarar. Det er 80 000 elevar med nynorsk i grunnskulen, men alle skal jo ha nynorsk på eit visst nivå. Så eigentleg ville det gagne alle om

mykje meir var tilgjengeleg med fulle funksjonar på nynorsk.

– I dag er anboda frå kommunane fyrst og fremst retta mot pris og leverandør, ikkje knytt til læremiddel eller maskinvare. Det er altså ikkje produsentane som blir stilte til ansvar. Leverandørane opererer gjerne med ein katalog av tilbod. Dersom kommunane kjem med krav til kva dei skal levere, er ein redd det kan bli for dyrt eller at ein vil miste tilbod. Det vil vere enklare å stille krav til produsentane av læremidla.

33 % av kommunane stiller ikkje krav om nynorsk ved kjøp av programvare til bruk i kommunen. Over 50 % gjer det av og til eller berre til enkeltprogram. 48,5 % av IKT-sjefane meiner LNK burde hjelpe med å lage rettleiar for innkjøp. 27,3 % av kommunane svarar at eit innkjøpssamarbeid kunne vere aktuelt. 42,4 % er usikre på kva LNK bør gjere med situasjonen.

– Kva krav meiner du kommunane kan og bør stille til produsentane?

– Alt utstyr burde kome ferdig installert og sett opp på nynorsk. Det kan til dømes vere knytt til FEIDE-brukaren din, slik at alt automatisk kjem på nynorsk. Den digitale identiteten til elevane bør vere heilt og fullt på nynorsk, svarar Langåker.

– Så er det jo også slik at alle læremiddel bør kome ut i både bokmåls- og nynorskversjonar, legg han til.

## Samarbeid kan gi resultat

– Kva gjer de med funna frå undersøkinga?

– Me kjem til å lage ein rettleiar for korleis lage gode anbod, i samarbeid med kommunane i LNK. Det er også fleire kommunar som ønskjer å snakke saman om innkjøpssamarbeid, og andre typar samarbeid.

– Me har god kontakt med kommunane og har trua på ei betring. Både fleire kommunar og LNK har kome med høyringsvar til opplæringslova. Eg kan også leggje til at Tonje Brenna er blitt spurt om nokre av funna i undersøkinga vår, så det er kjende problem også frå regjeringshald, avsluttar Langåker.

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN  
vemund.knudsen@nm.no

## teroppgåver kan få norsk samandrag

Direktør Åse Wetås i Språkrådet seier til Khrono at dei inviterte til møtet fordi universiteta og høgskulane i år har fått eit konkret oppdrag og ei felles føring i tildelingsbrevet sitt frå regjeringa om at dei må komme med tiltak som kan styrkje arbeidet med norsk fagspråk. I tillegg begynte den nye språklova å verke i år.

Wetås meiner haldningane til norsk språk er i ferd med å endre seg i akademia.

– Mange av utdanningsinstitusjonane har fått ei tydelegare forankring av språkarbeidet, men vi ser at det framleis er ganske store forskjellar mellom dei som gjer lite og mykje, seier Wetås.

NTNU er blant dei som har fått kritikk, men no skal dei språkpo-

litiske retningslinjene der reviderast. Eit utval foreslår at alle masteroppgåver på engelsk skal ha norsk samandrag, og det skal etablerast eit språkpolitisk utval.

Professor og prodekan for forskning og formidling ved NTNUs humanistiske fakultet, Terje Lohndal, har leidd arbeidet med revideringa av dei språkpolitiske retningslinjene, som no er på

høyring i organisasjonen. Han trur ikkje det blir stor motstand.

– Krav om norsk samandrag på engelske masteroppgåver er ein ypparleg måte å fremme norsk fagspråk på. Dette vil nok vere meir krevjande i enkelte veldig internasjonale studiemiljø. Der må dei finne gode løysingar på dette, seier han til universitetsavisa.



**Tusen takk!** Mellom 6. september og 22. november fekk Noregs Mållag 325 804 kroner i gåve. Det set me umåteleg stor pris på. Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt for å sikra nynorsken betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, eller vips eit valfritt beløp til 90540. Du kan også senda IVAR50, IVAR100, IVAR300 eller IVAR500 i ei tekstmelding til tlf. 2490. **God jul!**

#### AUST-AGDER MÅLLAG

Lars Aasbø  
Reidun Gilje  
Jon Olav Gryting  
Johannes Havstad  
Olav Hoftuft  
Knut K. Homme  
John Gustav Johansen  
Ragnar Kaasa  
Jon Kolbjørn Lindset  
Ragnhild Olavsdotter  
Nomeland  
Rune Nylund  
Signe Alise Olstad  
Sigrid Bjørg Ramse  
Johannes G. Torstveit  
Helge Ove Tveiten  
Marit Vegusdal  
Olav Vehus  
Jens Vellene

#### AUSTMANNALAGET

Olaug Aaberge  
Ole Bjerke  
Anders Bjørge  
Else Petra Borkhus  
Eldrid Brandvol  
Jon Steinar Bredeveien  
Ivar Bungum  
Sissel Dyrkorn  
Inger Johanne Dæhlen  
Marte Egge  
Ingvild Marie Eknes  
Hans Enstad  
Inger Lise Fiskvik  
Tordis Irene Fosse  
Anders G. Fretheim  
Kristin Fridtun  
Kjell Gulbrandsen  
Erik Hanssveen  
Olav Haraldseid  
Solfrid M. Harildstad  
Magnhild Harsheim  
Gaute Elvesæter Helland  
Bjarte Hole  
Ola Holen  
Helene Strand Johansen  
Turid Kleiva  
Håvard Kleiven  
Harald Kleppe  
Inger Margrethe  
Kyllingstad  
Anders Jan Larsson  
Tove Henny Lehre  
Gunnar Lien  
Asgeir Lilleås  
Johanna Mosenden  
Asbjørn Myrvang  
Øyvind Nordli  
Jøgrim Nordsletten  
Odd Arne Nustad  
Olaf Nøkleby  
Jørgen Nørstegard  
Oddvar Romundset  
Tone Rui  
Synne Sandbu Sandbu  
Ivar Schjøberg  
Jakup Skjedsvoll  
Egil Skullerud  
Arne Skuterud  
Bjørn Otter Skåret  
Liv Solheim  
Inger Kirsten Stagrim  
Rasmus Stauri  
Reidun Ramse Sørensen  
Gudmund Teigen  
Marit Hole Tynnø  
Lars Ullgren  
Olav Veka  
Magne Velure  
Arnhild Vik  
Svein Øye  
Bjarne Øygarden

#### BUSKERUD MÅLLAG

John-Ragnar Kvam Aarset  
Oliv Bakkeplass  
Tom Ragnar Berg  
Maria Høgetveit Berg  
Brede Bratli  
Herbjørn Brennhovd  
Per Drabløs  
Syver Hjelmen  
Frode Kinserdal  
May Johanne Molund  
Odd Oleivsgard  
Ingun Oholt  
Arne Ommedal  
Halle Perstølen  
Gro Randen  
Øystein Rosse  
Ola Ruud  
Knut H. Skrindo  
Sigrun Torsteinsrud  
Torun Torsteinsrud  
Sigurd Tveito

#### FYLKESMÅLLAGET VIKVERINGEN

Bergfinn Aabø  
Reidar Aasgaard  
Gro Iren Abrahamson  
Ruth Amdahl  
Gurid Aga Askeland  
Børre Austmann  
Olav Befring  
Ola Bergsaker  
Jostein Bernhardsen  
Anfinn Bernaas  
Reidar Bjørnerheim  
Erlend Bleie  
Reidar Borgstrøm  
Karen Bø  
Harald Dyrkorn  
Hans Olav Eggestad  
Tove Karina Eidhammer  
Kirsten Osmo Eriksen  
Liv Flugsrud  
Eldbjørg Fosseng  
Tor Fuglevik  
Tor Gabrielsen  
Kåre Glette  
Oddrun Grønvik  
Gunnvald Grønvik  
Yngvill Kolset Haga  
Karl S. Halse  
Erik Hardeng  
Mari Hauge  
Valgerd Svarstad Haugland  
Øystein Havrevoll  
Anna Sigridsdatter Heen  
Eva Birgit Heide  
Ola M. Heide  
Mildrid Helland  
Botolv Helleland  
Sigrun Heskestad  
Edvard Hoem  
Halldor Hoftun  
Kjetil Torgrim Homme  
Joar T. Houva  
Marit Hovdenak  
Olav Høgetveit  
Tormod Hallstein Høgåsen  
Ingeborg Hauge Høyland  
Øystein Jetne  
Jens Kihl  
Harald Sverdrup Koht  
Bård Kolltveit  
Dagrun Kvammen  
Torhild Leira  
Tor Einar Ljønes  
Trond Øivindsson Lunde  
Anders Lunnan  
Gro Lystad  
Eldrid Midttun  
Norvald Mo  
Per Helge Mork  
Arnold Mundal  
Johan Nedregård

Øystein Njål Nordang  
Ivar Nagelgaard Omenås  
Torgeir Ose  
Sylvi Penne  
Anne Perstølen  
Alain Egil Adrian Ramdal  
Hanne Havåg Ranestad  
Magnhild Reisæter  
Yngve Rekdal  
Asbjørn Roaldset  
Gunnar Rusten  
Kari Rysst Seemann  
Olav R. Skage  
Torild Skard  
Inger Skjelmerud  
Synnøve Skjong  
Arve Skuttlaberg  
Sigrid Skålnes  
Sigrid Solheim  
Randi Annie Strand  
Einar Strømnes  
Leif Sundheim  
Sissel L. Sæbø  
Bent Arne Sæther  
Anne Joronn Sætre  
Jostein Tjøre  
Halvor Tjønn  
Steinar Tveitnes  
Ivar Vasaasen  
Alvhild Venås  
Lars Sigurdson Vikør  
Kjetil Vistad  
Per Ivar Vaagland  
Kjell Øren  
Kristen Øyen

#### HORDALAND MÅLLAG

Olav Aas  
Audhild Aldal  
Arne Andersen  
Anfinn Jørgen Ansok  
Karin Ask  
Marta Augensen  
Pål Hermod Bakka  
Leidolv Berge  
Arild Berge  
Jane Kristin Øvstebø Berge  
Marit Berge  
Veslemøy Bergo  
Eli Bergsvik  
Reidun Bjørnberg  
Solveig Bjørsvik  
Oddbjørn Borge  
Trond Botnen  
Arne Brattabø  
Tor Brattek  
Reidar Bremerthun  
Endre Otto Brunstad  
Jostein Buene  
Helge Buer  
Liv Skarvatun Dale  
Reidar Dale  
Arve Dale  
Knut O. Dale  
Olav Digernes  
Kristian Djuvslund  
Inge Draugsvoll  
Julie Drevdal  
Jenny Dugstad  
Torbjørn Dyrvik  
Jan-Egil Dyvik  
Liv Kjellfrid Eide  
Bjørgulv Johan Eik  
Liv Cecilie Sæbø Eik  
Gudrun Eimstad  
Ingunn Eitrheim  
Eirik Ingolf Eldøy  
Reidun Emhjellen  
Yngve Endal  
Magne Engevik  
Øystein Erstad  
Rune Fjeld  
Bergit Utne Fjelde  
Trygve Fjeldstad  
Sverre Fjell

Målfrid Flesland  
Jon Fosse  
Harald Frønsdal  
Mathias Furevik  
Jostein Gimmestad  
Hans Gjerde  
Paul Kåre Gjuvslund  
Lars Gjøstein  
Knut Johamstad  
Alvhild Halleraker  
Per Harald Halstensgård  
Åshild Haukås  
Jorunn Havro  
Svein Heggheim  
Bjarte Helle  
Aslak T. Helleve  
Knut Johannes Helvik  
Linn Hjartnes Henjum  
Jan Kåre Henriksbø  
Kåre Herfindal  
Robert Hermansen  
Kjartan Hernes  
Solveig N. Herre  
Sigrid Hesthamar  
Eli Hillersøy  
Olrun Hild Hillestad  
Marit Hjartåker  
Eivind Hjelle  
Grete Oline Hole  
Ingunn Holmedal  
Karl Johan Holmås  
Inge Hommedal  
Karl Hope  
Arnfinn Hopland  
Helge Hopland  
Britt Høyland  
Ole Gunnar Høysæter  
Reidar Instanes  
Geir Instanes  
Johanne Telnes Instanes  
Olav Instefjord  
Ingvild Jøsendal  
Jan Jøssang  
Randi Jåstad  
Inger Lise Kippersund  
Folke Kjelleberg  
Kristoffer Kleiveland  
Olav Kobbeltveit  
Trygve Kråkevik  
Ane Landøy  
Torfinn Langelid  
Terje Langhelle  
Caroline Lehmann  
Åsmund Lien  
Torgrim Ljones  
Kjellaug Lundestad  
Torun Lyssand  
Frode Mannsåker  
Margunn Rydland  
Melkersen  
Brynjulf Melve  
Magne Mestad  
Solveig H. Michelsen  
Anne Marie Midtbø  
Hallgeir Mjåtveit  
Leif Bjørn Monsen  
Olav K. Morken  
Lillian Morvik  
Eva Mostraum  
Jan Myklebust  
Jostein Mykletun  
Einar Myster  
Nils Mæhle  
Lars Mæland  
Eldbjørg Møllerup  
Marit Nedreli  
Eli Karin Nerhus  
Øyvind Neteland  
Arne Olav Nilsen  
Øyvind Per Norang  
Egil Nysæter  
Gunnvor Eggebo Næss  
Asle Nævdal  
Sigfrid Rogne Naasen  
Jorunn Odland

Odd Jøran Oldervik  
Agnar Omvik  
Åse Opheim  
Aud Oppedal  
Anfinn Otterå  
Olai Otterå  
Kjell Paulsen  
Johnny Ottar Pedersen  
Sondof Rabbe  
Astrid Oddbjørg Reigstad  
Berit Reinsaas  
Kjetil Revheim  
Lars Riise  
Knut Røyrvik  
Marit Sakstad  
Mette Samdal  
Lars K. Sandven  
Helge Sandøy  
Heidi Seilfaldet  
Johannes H Sekse  
Ingebjørg Sekse  
Ingrid Sekse  
Mons Ole Dyvik Sellevold  
Bjarne Skarestad  
Olav Johannes Skeie  
Gunvald Skeiseid  
Gunnar Skirbekk  
Ingunn Skjelvan  
Arne Skjerven  
Bjarne Skjold  
Harald Skorpen  
Kaare Skaala  
Hermund Slaattelid  
Kari Smith  
Erling Småland  
Turid Solberg  
Brynhild Møllerup Solberg  
Asbjørg Solberg  
Åse Solheim  
Ragnhild Edith Solvang  
Elise Solvåg  
Halldis Spilde  
Ingebjørg Stana  
Idar Stegane  
Arjen L. H. Stolk  
Nelly Storebø  
Gerhard Inge Storebø  
Kari Harstad Storebø  
Hans L. Strømsæther  
Rolf Sigmund Sunde  
Thea Sunde  
Åshild Sveinngjerd  
Kurt Svensson  
Lars Børge Sæberg  
Ingebjørg Dønhaug Sæbø  
Anne Sæland  
Leif Helge Særsten  
Johannes Teigland  
Kjell Arne Tokheim  
Johan Torekoven  
Torgeir Torvik  
Harry Tunestveit  
Odd Tøndel  
Tora Tønder  
Bjørg Tøsdal  
John Gunnleiv Ulveseth  
Terje Gerhard Valen  
Brit Valland  
Rigmor Nesheim Vaular  
Unni Urdal Vedå  
Aslaug Veland  
Amund Velure  
Randi Vengen  
Leiv Vetås  
Aud Liv Hole Vike  
Inger B. Vikøren  
Ingebjørg Viste  
Agnes Råket Vågslid  
Marie T. Willemse  
Selma Ynnesdal  
Paula Ingelin Hermichen  
Øen  
Nils Ivar Østerbø  
Hjørdis Nikoline Østerbø  
Einar Øyre

Magnus Malvin Ådnanes  
Solveig Åsvang

#### KARMSUND MÅLLAG

Asbjørn Djuv  
Svein Ove Duesund  
Reidun Dyrseth  
Anne-Ma Eidhammer  
Lars Eikehaugen  
Dorthea Sofie Erøy  
Norleif Fjeldheim  
Jørund Flesland  
Aud Grimstveit  
Trygve Handeland  
Torill Borge Horneland  
Olav Torfinn Jondahl  
Svend Kjetland  
Arne Langåker  
Paul Mølstre  
Bjørn G. Nedrebø  
Johannes Ness  
Ragnhild Underhaug Ness  
Lars Gunnar Oma  
Harald Orvedal  
Geir Ragnhildstveit  
Helga Reinertsen  
Trygve Sandvik  
Kjersti Simmenes  
Olav Magne Skigelstrand  
Njål Steinsland  
Ernst Arne Sælevik  
Kjell Tveit

#### NORDLAND MÅLLAG

Kåre Belsheim  
Jan Hana  
Tore Moen  
Kjellrunn Trohaug  
Kari Åbergsjord  
  
Nordmøre Mållag  
Jon Kristian Aune  
Nils Bjørsvik  
Styrkåre Brørs  
John O. Dønheim  
Marie Flømsæter  
Liv Rigmor Flå  
Sverre Hatle  
Johan Sigmund Heggem  
Sigrunn Helset  
Kari Sigrid Roset Holten  
Tora Kjelleberg  
Jorunn M. Kvendbø  
Jorunn Magerøy  
Henry Opland  
Bjørg Reiten  
Eirik S. Todal

#### ROGLAND MÅLLAG

Kjell Aardal  
Gunnleiv Aareskjold  
Audun Aarflot  
Torstein Aartun  
Sigmund Andersen  
Kristen Bakka  
Lars Egil Bakka  
Johannes Bakka  
Bjarte Birkeland  
Ingebrigt Botnen  
Geir Sverre Braut  
Alf Jan Bysheim  
Gerd Helen Bø  
Ellen Einervoll  
Kjell Brede Eira  
Kjell Steinar Ervik  
Anne Farbu  
Lars Olav Fatland  
Marit Fattnes  
Åse-Berit Fidjeland  
Solveig Moe Fisketjøn  
Ingrid Fiskaa  
Oddvar Flatabø  
Rune Folkvord  
Ove Harald Fossen  
Otto Laurits Fuglestad



Ingrid Gjesdal  
Endre Gjil  
Sølvi Ona Gjøl  
Sigve Gramstad  
Egil Harald Grude  
Lidvor Hatteland  
Kari Ingrid Hatteland  
Ola Hauge  
Inge Haugland  
Sverre Haver  
Nils Nikolai Haugen  
Havrevoll  
Halvard Helseth  
Tom Hetland  
Rasmus Hidle  
Magne O. Hope  
Arvid Horpestad  
Jane Valaker Høgalmen  
Arna Høyland  
Odd Arne Jakobsen  
Anne Marthe Kalhovde  
Magnar Kartveit  
Steinar Kjosavik  
Anne Margrethe Kolnes  
Tore O. Koppang  
Nils Ingvar Korsvoll  
Reidar Kydland  
Hallgeir Langeland  
Mikkel Lid  
Eli Marvik  
Leif-Inge Misje  
Signe Muladal  
Reidar Nesheim  
Lise Lunde Nilsen  
Helge Nordmark  
Øyvind Nordsletten  
Tore Norheim  
Pernille Nylehn  
Ingvar Olimstad  
Leiv Olsen  
Åshild Osaland  
Marit Osland  
Esther Ndayizeye Phillibert  
Kirsten Rafoss  
Åse Helene Ravndal  
Audun Rosland  
Magne A. Roth  
Liv Rysstad  
Atle Røe  
Dagrun Røgenes  
Torhild L. Rørheim  
Jørgen Sagevik  
Rolf Salte  
Halldis Sandvik  
Irene Sel  
Jostein Selvåg  
Benjamin Skarås  
Kåre Skår  
Wenche I. Sola  
Tom Soma  
Hans Spilde  
Marit Rommetveit  
Staveland  
Audun Steinnes  
Olav O. Sukka  
Brit Harstad Sværen  
Åse Sælevik  
Hogne Sønnesyn  
Svein Kåreson Søyland  
Erling Thu  
Oddrun Tjeltveit  
Aslaug Marie Undheim  
Knut Vadla  
Ottar Vandvik  
Astrid Apalset Vassbø  
Arve Vedvik  
Klara Vik  
Atle Ingar Vold  
Ketil Volden  
Viggo Østebø

### ROMSDAL MÅLLAG

Ingar Aas  
Henning Austigard  
Dagrun Gjelsvik Austigard  
Petter Inge Bergheim  
Leif Erik Bolsø  
Åse Berit Dispen Brøste  
Einar Hestnes Dahle  
Oddny Eikebø  
John Ekroll  
Per Bjørn Ellingseter  
Einar Gridset  
Ivar Hol  
Kåre Magne Holsbøvåg  
Arnhild Digernes Krøvel  
Harald Krøvel

Tor Kvadsheim  
Einar M. Langset  
Per Lovik  
Jofrid Alvild Moen  
Asbjørn Oterhals  
Nils Sanden  
Anna Huse Sanness  
Britt Elise Skram  
Jakob Stavik  
Oddmund Svarteberg  
Ingar Sveen  
Kjell Johan Vatne  
Kathrin Villa  
Øystein Øye

### SOGN OG FJORDANE MÅLLAG

Georg Arnestad  
Helga Bakken  
Sidsel Bergset  
Olaug Marie Bjelde  
Reidulf Bjørlo  
Ole Georg Blikås  
Herman Bremer  
Ole Reinhart Bugjerde  
Nils Distad  
Bjørn Eide  
Gjertrud Eikevik  
Kjell Erik Eldegard  
Hallstein Erdal  
Kjellrun Hamnes Espe  
Johannes Flaten  
Sverre N. Folkestad  
Kjellrun Fossdal  
Jan Martin Frislid  
Ellen Frøyen  
Siri Bente Fuhr  
Ottar Færøvik  
Håkon S. Giil  
Oddvar Gjelsvik  
Arne Gjeraker  
Magnhild Gravdal  
Dagfrid Grepstad  
Olav Grov  
Oddlaug Hammer  
Margit Hovland Hamre  
Hans Haugen  
Oddstein Haugen  
Ivar S. Haugland  
Bjarne Havro  
Astrid Jorunn Henden  
Inger Hilde  
Oddleiv Hjellum  
Helga Hjetland  
Ragnar Hove  
Liv Husabø  
Nils Husabø  
Målfrid Husnes  
Martha Systad Iden  
Ingunn Kandal  
Lars Kjøde  
Ola Kjørstad  
Torhild Solheim Klævold  
Oddborg Hellebø Klævold  
Kirsten Gram Kristiansen  
Aage Kvendseth  
Hildegunn Kvistad  
Liv Janne Kvåle  
Bjarne Kaarstad  
Øystein Lavik  
Bjørn Dombestein Lofnes  
Jorunn Loftenes  
Jon Ove Lomheim  
Rune Lotsberg  
Sigrunn Lundestad  
Håkon Lundestad  
Kolbjørn Løken  
Pauline Midtun  
Terje Erik Moe  
Knut Moen  
Ragnhild Skogen Molde  
Johan Moldestad  
Eldrid Morken  
Maryan Georgsdotter  
Mundal  
Randi Bjørg Myklebust  
Camilla H Myklebust  
Henny Myklemyr  
Knut Ole Myren  
Oddvar Natvik  
Olav Nedrebø  
Gunnvor Ness  
Julie Kristine Ness  
Astrid Marie Nistad  
Odd Njøs  
Stein Bugge Næss  
Kjell Paulen

Oddbjørn Ramstad  
Jon Ramstad  
Sæmund Kjetil Rindal  
Jostein Risa  
Henning Leiv Rivedal  
Bjørn Rørtveit  
Steinar Røyrvik  
Margot Sande  
Idunn Amalie Sandemose  
Marta Kari Schawlann  
Håkon Sjøstad  
Anders Skarestad  
Einar Skeie  
Olaug Skjerdal  
Knut Atle Skjær  
Annlaug Sognnes  
Synneva Kolle Solheim  
Irene Stokker  
Geir Liavåg Strand  
Magn Jarl Stubhaug  
Sigrid Svartefoss  
Anette Svori  
Gunnhild Systad  
Jorunn Systad  
Leiv Sølvberg  
Ståle Sørbotten  
Marit Nore Sørhaug  
Sverre Tandle  
Helge Thue  
Ingrid Thy  
Ivar Jostein Tjugum  
Paul Arnfinn Tomasgard  
Ragnhild Tveit  
Anne Grethe Tveit  
Arne Vidar Tyssen  
Solrun Ullaland  
John Elling Vereide  
Jorunn Veseth  
Jens Vestreheim  
Arne Vevle  
Ingrid-Eline Vik  
Kari Vik  
Lars Øyvind Vikesland  
Oddhild A. Voll  
Ottar Wiik  
Jarl Yndestad  
Njål Ølmheim  
Liv Østrem  
Magni Øvrebotten

### SUNNMØRE MÅLLAG

Inger Aarflot  
Ottar Aashamar  
Torstein Paul Aksnes  
Kristian Almås  
Laila Bastesen  
Randi Marit Berge  
Ingunn Bergem  
Torunn Bildøy  
Elisabeth Birkeland  
Jakob S. Bjørkedal  
Berit Bjørlo  
Ingval Bortne  
Ole Arild Bø  
Jan Magne Dahle  
Norunn Margrethe  
Dimmen  
Steinar Dimmen  
Marit Veiberg Eide  
Kaspar Inge Eide  
Knut Falk  
Aud Farstad  
Einar Elling Flø  
Andre Gjerde  
Gunn Berit Gjerde  
Tore Gjære  
Arne G. Grimstad  
Harald Grimstad  
Kyrre Grimstad  
Severin Haugen  
Ingunn Haus  
Jan Heltna  
Petter Magne Hjørungdal  
Turid Teigene Holstad  
Astri Hunnes  
Reidun Hunnes  
Jakob O. Kjersem  
Synnøve Knotten  
Jostein Korsnes  
Ivar Krøvel-Velle  
Rune Kvalund  
Marit Kvammen  
Anne Lise Lunde  
Gerd Moltubakk  
Roger Nedreklepp  
Dorthe Mari Nordahl  
Trine Naadland

Lars Omenås  
Elisabeth Opsvik  
Bjørnar Osnes  
John Osnes  
Britt Oterholm  
Vidar Parr  
Lillian Ramnefjell  
Karl Ramstad  
Irene Follestad Rise  
Gunder Runde  
Olga Støylen Runde  
Liv Tjervåg Runde  
Magnar Rønstad  
Mariann Schjeide  
Else Synnøve Skarbø  
Olav Slettebak  
Jarle Solheim  
Endre Standal  
Per Svein Tandstad  
Geir Steinar Tandstad  
Brit Gjerde Tandstad  
Asbjørn Tryggestad  
Solveig Ulstein  
Randi Flem Ulvestad  
Jorun Våge Vestnes  
Åse Irene Vestre  
Eldrid Vik  
Knut Ytterdal  
Øyvind Østvik

### TELEMARK MÅLLAG

Dag Aanderaa  
Sveinung Astad  
Gunhild Berntsen  
Lars Bjaadal  
Halgeir Brekke  
Tjostov Gunne Djuve  
Olav Rune Djuve  
Per Engene  
Olav Felland  
Gunlaug Fjellstad  
Oscar Johan Garnes  
Hans Magne Gautefall  
Torgeir Grimstveit  
Michael Hansen  
Asbjørn Nes Hansen  
Kristian Ihle Hanto  
Knut T. Haugen  
Tone Sem Hovda  
Ragnhild Hovda  
Hallgrim Høydal  
Margit Ims  
Halvard Jansen  
Arne-Birger Knapskog  
Olav E. Kaasa  
Tove Løyland  
Sigrun Garvik Moen  
Olav Mosdøl  
Sigrud Nordskog  
Ellen Bojer Nordstoga  
Jakob Olimstad  
Annette Vik Roalkvam  
Olav Runde  
Anne Ingebjørg Ruth  
Børre Rønningen  
Åste Råmunddalen  
Per Skaugset  
Gunvor Solberg  
Margit Ryen Steen  
Alv Halvor Strømstøyl  
Olav Teigen  
Olav Teigland  
Olav Tho  
Kari Tveit  
Alf Torbjørn Tveit  
Gudny Anne Lid Unhjem  
Tor Valle  
Einar Versto  
Kjell Vistad  
Halvor Øygarden

### TROMS OG FINNMARK MÅLLAG

Nils Aarsæther  
Bente Benjaminsen  
Per K. Bjørklund  
Odd Borch  
Terje B. Dahl  
Sveinung Eikeland  
Bjarne Eilertsen  
Karl Ragnar Engstad  
Torgeir Engstad  
Kjell Heggelund  
Olav Gaute Hellesø  
Olaug Husabø  
Elin Isaksen  
Ingvild Kamplid

Olaug Terum Kvitberg  
Ellen Skjold Kvåle  
Erik Lemika  
Tyra V. Mannsverk  
Magnar Mikkelsen  
Atle Måseide  
Ole Edgar Nilssen  
Guro Reisaeter  
Ingrid Russøy  
Rønnaug Ryssdal  
Sunniva Skålnes  
Birger Vang

### TRØNDERLAGET

Svein Aarnes  
Reidar Almås  
Eli Aune  
Egil Ingvar Aune  
Håvard Avelsgaard  
Kjell Bardal  
Ivar Berg  
Ingvar Berg  
Tore Bisgaard  
Arne Bjørndalsbakke  
Arvid Bjørgum  
Karl-Ove Bjørnstad  
Lars Daling  
Olaug Denstadli  
Tore Fagerhaug  
Helge Fiskaa  
Svein Arild Fjeldvær  
Margit Flakne  
Asbjørn Folkvord  
Birger Fosseide  
Arne A. Frisvoll  
Anders Gjelsvik  
Jon Grønli  
Anders Gustad  
Lars Eirik Havdal  
Eina Hermann  
Andrea Hjelde  
Knut Holmen  
Ola Huke  
Kjell Håve  
Sigrid Haavik  
Åke Junge  
Morten Kluku  
Olav Kuvås  
Kirsti Årøen Lein  
Jens Loddgard  
Borghild Kristin Lomundal  
Lars Kolbjørn Moa  
Håvard Moe  
Tore Moen  
Magne Måge  
Børge Nordbø  
Einar Nordbø  
Lars Nygård  
Idar Næss  
Aud Okkenhaug  
Solveig Otlo  
Herman Ranes  
Kristian Risan  
Narve Rognebakke  
Helge Rypdal  
Per Rønningen  
Anne Kristine Bolme Selnes  
Rutt Olden Skauge  
Oddny Pauline Skeide  
Tor Stallvik  
Odd Sigmund Staverløkk  
Roald Sund  
Erna Svarte  
Per Johan Sæterbakk  
Svein Bertil Sæther  
Jan Sørås  
Torbjørn Tranmæl  
Aud Mikkelsen Tretvik  
Espen Tøret  
Harald Vik-Mo  
Ann-Merethe Voldsund  
Kristin Østgård  
Aa. Bjørgum Øvrev

### VALDRES MÅLLAG

Ingeborg Aaslie  
Gunnar Belsheim  
Bjørge Berge  
Kristian Berglund  
Gunnar Breivik  
Olav Gullik Bø  
Inger Solveig Bø  
Anders Johnsson Espeseth  
Ola Fosheim  
Ove Haugen  
Ingunn Hommedal

Frank Tommy Jacobsen  
Bjørn Vegard Johnsen  
Gerd Kvam  
Herman Leite  
Bjørge Lerhol  
Anders Lunde  
Torodd Lybeck  
Kirsten Onstad  
Nils Presthegge  
Nils Rogn  
Ragnhild Solberg  
Anne Ingeborg Terningen  
Knut Tjelle  
Per Gunnar Veltun  
Magnor Wigdel  
Berit Matre Ødegaard

### VEST-AGDER MÅLLAG

Anne Kathinka Aslaksen  
Tove Berulvson  
Anne-Berit Erfjord  
Marit Fjordheim  
Svein Harald Follerås  
Randi Lohndal Frestad  
Vigleik Frigstad  
Bernt Gautestad  
Øyvind Grov  
Ole Steffen Gusdal  
Magne Heie  
Kjell Erling Håland  
Ola Reidar Haaland  
Gudrun Haugen Håvorsen  
Oddvar Jakobsen  
Alf Georg Kjetså  
Solveig Stallemo Lima  
Tom Arnt Lindeland  
Målfrid Lindeland  
Sylfest Lomheim  
Sif Sandnes Mygland  
Gudlaug Nedrelid  
Nils Salvigsen  
Margit Seland  
Asbjørn Stallemo  
Eva Haugen Sørgaard  
Gunnar Vollen  
Ivar Åmlid

### ØSTFOLD MÅLLAG

Kjetil Aasen  
Asgeir Bjørkedal  
Eldbjørg Johanne Giske  
Eiliv Herikstad  
Arnstein Hjelde  
Kjell Karlsten  
Christian Kielland  
Per Thorvald Larsen  
Jan T. Pharo  
Kjeld Qvortrup

### YRKESMÅLLAG

Kjellfrid Bøthun  
Morten Elster  
Kristian Hagestad  
Synnøve Hodneland  
Sissel Hole  
Rønnaug Kattem  
Birgit Oline Kjerstad  
Kjell Harald Lunde  
Arne Exner Nakling  
Borge Otterlei  
Linda Plahte  
Ingrid Rasdal  
Frode Ringheim  
Sigrun Solberg  
Lars Helge Sørheim  
Harald Thune  
Turid J. Thune  
Sigrud Tyssen  
Birger Valen  
Olav Vesaas  
Vidar Ystad

### BEINVEGES INNMELDE

Jan Gaute Buvik  
Marit Einrem  
Leif Elsvatn  
Siri K. Gaski  
Egil Andreas Helstad  
Johannes Hjønnvåg  
Martha Krossbakken  
Sverre Kulstad  
Kjellaug Larsen  
Herborg Lillebø  
Magni Sandal  
Gaute Sigmundsen  
Per Smørvik



NT **KVIST** • Audun Skjervøy

- 1 Kva heiter den radikale ideologen som i 1871 gav ut pamfletten *Nokre Or te Bondevenne og Maalmenn*?
- 2 Han grunnla også eit «eit Vikebla for Maalmenn og Bondevenne». Kva heitte bladet?
- 3 Kva heitte den første partileiaren i Venstre?
- 4 Noreg har berre hatt éi riksdekkjande **dagsavis** redigert på nynorsk. Kva heitte ho?
- 5 Noreg hadde sin «frigjeringsdag» i mai 1945, men kva kallar dei den tilsvarande dagen i Danmark?
- 6 Er medlemmene i Overhuset i Det britiske parlamentet demokratisk valde?
- 7 I kva land blir nasjonalforsamlinga kalla Sejm?
- 8 Kven blir rekna som den fremste representanten for atomteorien i gresk filosofi?
- 9 Kven var det som i stor grad redda manuskripta og tankane til dei greske filosofane for ettertida?
- 10 Kor mange norske kommunar heiter Bø?
- 11 Kva norsk kommune har minst flateinnhald?
- 12 Kva er forskjellen på ei hydrogenbombe og ei «vanleg» atombombe?
- 13 Finst det ein elementærpartikkel som blir kalla sjarmkvark?
- 14 Kor mange nordmenn er tildelt Nobels fredspris?
- 15 Korleis er vindstyrken i auget av ein orkan?
- 16 Kva blir ein orkan i det vestlege Stillehavet kalla?
- 17 Har Catalonia nokon gong vore ein sjølvstendig stat?
- 18 Kva heitte den første kvinnelege utanriksministeren i Noreg?
- 19 Filmklassikaren Halloween – natten morderen kom sette ein støkk i mange i 1978. Kva heiter den skremmande rollefiguren i filmen?
- 20 Kva blei gudinnene blant æsene kalla?

1 Olaus (Johannes) Fjørtoft  
2 Fram  
3 Johan Sverdrup  
4 Den 17de Mai  
5 «Befrielsen» (2. mai)  
6 Nei  
7 Polen  
8 Demokrit  
9 Islamske filosofar  
10 To – Bø i Telemark, og Bø i Nordland  
11 Kvistsøy (6,29 kvadratkilometer)  
12 Hydrogenbomba frigjer energi ved fusjon (sammensmelting av hydrogenisotop), atombomba ved fisjon (spalting av uran- eller plutoniumisotopar).  
13 Ja  
14 To: Christian Lous Lange i 1921 (saman med Hjalmar Branting) og Fridtjof Nansen i 1922  
15 Det er relativt vindstille  
16 Tlfon  
17 Nei, ikkje med dagens grenser  
18 Ine Eriksen Søreide (2017–2021)  
19 Michael Meyers  
20 Asynjer




SYNNE SANDVEN



ODA BJØNNES HANSLIEN



ANNVOR SEIM VESTRHEIM



HEDDA KURSETH



Alle foto: privat

INGRID TURTUM

## Kull 38 ved Nynorsk Mediesenter

Fem jenter er klare til å **flytte til Førde 2. januar.**

**AV DEI 38** søkjarane er fem praktikantar plukka ut til å danne kull 38 på NRK Nynorsk mediesenter.

– Desse er vi trygge på er motiverte og klare for å bli nynorskbrukande journalistar. Dei har spennande bakgrunnar, er godt samfunnsorienterte og har eit engasjement i botn. Det er noko av det vi ser etter når vi intervjuar aktuelle kandidatar, seier leiar for NRK Nynorsk Mediesenter, Rune Fossum Lillesvangstu.

Når kull 38 no er tilsett, har totalt 190 personar vore gjennom det seks månadar lange opplegget sidan oppstarten i 2000.

**Synne Sandven (fødd 1995), frå Sykkylven i Møre og Romsdal**

Synne Sandven har ein bachelorgrad i midtaustenstudium og arabisk frå Universitetet i Oslo, og i samband med det har ho vore på utvekslingsopphald i Kairo. Ho har studert marknadsføring og salsleiing, og har mykje erfaring frå arbeid på kafear og barar i Oslo. Dei to siste åra har ho også arbeidd som direktetekstar, og her har ho teksta tv-program på direkten, lese korrektur og førehandsteksta program, i Biovisjon og NRK. I denne jobben har ho oppdaga nynorsken på ny, og ho gler seg til å få nynorsk som arbeidsspråk på heiltid.

**Annvor Seim Vestrheim (fødd 1995), frå Voss i Vestland**

Annvor Seim Vestrheim leverte frå seg masteroppgåva om incels, menn som lever i ufrivillig sølibat, denne hausten. Med det avslutta ho eit seks år langt opphald i Canada, med studium i statsvitskap ved Quebec Universitetet i Montreal. Ho har også ein bachelorgrad i fransk frå Universitetet i Bergen, og i studietida har ho vore engasjert i studentradioen. Frå 2021 har ho arbeidd som konsulent i helse- og miljøavdelinga i Oslo kommune. Mobbing av nynorsk er ein av få ting som kan provosere vossingen.

**Hedda Kurseth (fødd 2000), frå Sykkylven i Møre og Romsdal**

Hedda Kurseth har ein bachelor i samanliknande politikk frå Universitetet i Bergen, og ho studerer no TV-produksjon same stad. I studietida har ho vore aktiv i både studentavisa Studvest og studentradioen i Bergen. Sist sommar var ho tilsett i avisa Nyss, som dekkjer Sykkylven og Stranda. Den nysgjerrige sunnmøringen har drøymt om å bli journalist sidan ho gjekk på ungdomsskolen. Ho har heile vegen vore oppteken av å produsere innhaldet på nynorsk, som er ein stor del av identiteten hennar.

**Oda Bjønnes Hanslien (fødd 2000), frå Tananger i Rogaland**

Oda Bjønnes Hanslien har ein bachelorgrad i journalistikk frå

Universitetet i Stavanger. Gjennom studia har ho hatt praksis i avisa Ryfylke, der ho fekk nytte nynorsk. Ho har også hatt praksis i Stavanger Aftenblad i Byasredaksjonen, og i tillegg vore sommarvikar og vikar i ulike redaksjonar i same avis. Ho saknar å arbeide i eit nynorsk miljø, og er oppteken av å fortelje historiene til dei som ikkje skrik høgst om merksemd.

**Ingrid Turtum (fødd 1996), frå Vågå i Innlandet**

Ingrid Turtum går frå lærarjobb i Oslo-skulen til NRK Nynorsk mediesenter. I tillegg til lærarutdanning frå NTNU har ho også studert statsvitskap same stad. Ho har vore engasjert i mål ungdommen, Røde Kors og vore leksehjelp i Flyktninghjelpen. Ho har også ein periode bak seg i Vågå kommunestyre for Arbeiderpartiet. Ho vil vere med og løfte fram nynorsk og dialekt i media, og håpar praktikanttida kan bli eit springbrett inn i journalistikken.

– Vi gler oss veldig til å ta imot dei og starte opplæringa. Tida går fort, så vi er allereie i gang med planlegging og førebuing, seier Rune Fossum Lillesvangstu.

Kull 38 byrjar på opplæringa ved NRK Nynorsk mediesenter i Førde mandag 2. januar. Dei skal vere ferdige med halvåret som praktikantar i slutten av juni 2023.

EVA MARIE FELDE  
NRK



ORD-TAK	DELEGAT	FORBUND	HO-DYRA	EUR. ELV NAB.		GRUNN-EN NAB.	KOMM. "MIDT I LEIO"	NO. FORF.+	VEKST KAUSJONEN	FLY-PLASS	NAB. (BAKV.)	VINTER-BUSTAD	SJAKK-BRIKKE
TIDL. NM-LEIAR													
								BILETE TØRKA BÆR					
ELV				FORTEL							EVEN- TYR- SAMLAR	TRAKKE KANAL- BY	
EIN AV TRE				IKKJE					LUKTER				
REST					GRUPPE				INDIUM				
AS. ELV						FARGE- STOFF DEL				BYGN. NØK- TERN			NISSE- REKVI- SITT
KONJ.				GRUVE- GANG NAB.			IVER MILJØ- TILTAK						
		SKURE							SPRÅK		FRONT I MIDT- TELEM.		
"SAGA- SØYLA"- BYGD			DEMON- FOSSE- BYGD					SANK- SJON KANAL					
GRIPE				ARVEAN- LEGGET ANKANE				FAT			SUFFIKS (-MAKT)		
KORT								AM. BY					
						LITE GLAS LIKE			BIB. PERS. PÅ FLY				KJELT- RINGEN
SNOR							RIST				JEKSEL		
ERTAR							AUKE				HUSET		
SUM- MERER RADON		SØLV			SELANE OFTE I BRØD						GRENSE- ELV		
						LIKE FROST		I NORD- LAND	DYR LIKE			DAMP- SKIP ELENDE	
				ELD- STAD EUR. BY						PREP. VEKT- EINING			"FAR" TIL TANTE SOFIE
UNEMND							PREP. GRUNN- STOFF		MEINA TIDL. KARAKT.				
SOKNE			OPP- MODE VALUTA		INSTRU- MENTET KOMM.				LIKE ELD- STAD			TORN SVENSK FYLKE	
UTDJUP- INGA										I SUNN- FJORD MORO			
							KJENNE		PRO- DUKT			CA 14 DAGAR	
SPELTE	IDR.- ARR.			FJELL- PARTI									

NT **LØYSING** • Nr. 4 – 2022

KOLLE BÅR PÅ NÅSE	SEES KALDT	PROD. PELL-	ANSON ART	LEK R	SASS PUBER LAGE	SEL BY SINN	STILLA R	NYSE A	BLÅSE M	SKAM INDRU MENT	LIKE S	FSK S	FINDESE BAKKER EN
I N T E R E S S E K O N F L I K T	N A V I G A S J O N G A U L A R	D R E N E K E L E M E N T L E	R A R A E A T A L E O U R E T T E N	V E R S E F O T N S F A T T E U R I	A T S T A D B U N D O S T I L L S T A D F R E D A K T U A R E N	S A L V I E N O R D L A N D S O N G	L O E K R E M L A K A L A S	S K R A T E S V A R T E A R K	R A S T G A T E R A R A B I A	E L L O E N O R N N K R E M	G Ø L H A L V D A N T A P R E P	J Y L V I S A R T K T Ø R	L E I F A N I T R A N O R E M A
A R N E K A N A R U V H Å N S T	I N A S E O M M A R E T S E	M I N S I D Å S A R E A L E N	G A U D A O S T E N N E S E T	T R A L L E O V E R F E R N I S S E N									

Vinnarar av kryssord nr. 4, 2022:

Hanna Sundal, Alversund  
Ingrid Gjesdal, Ålgård  
Randi Avelsgard, Stjørdal

Send løysinga til:

Noregs Mållag  
Lilletorget 1  
0184 Oslo

eller e-post:  
norsk.tidend@nm.no

Heile kryssordet må sendast inn.

**Frist: 25. januar**

Merk sendinga «Kryssord».  
Rett løysing kjem i neste utgåve.  
Tre vinnarar vert trekte ut og får ein fin premie.

Namn :

Adresse:

Postnummer/-stad:





# Tenk om heile verda fekk straumen sin frå Wattn



Skann for å laste  
ned appen vår.

Eit litt annleis straumselskap frå TAFJORD, SFE, Tussa og Sognekraft. På lag med kvarandre, med deg, med ny teknologi og med jorda. **Positivt lada. Alltid.**





TOBIAS CHRISTENSEN  
EIKELAND  
Leiar i Norsk Målungdom

## Verdsmeister i dialekt, og nytt studentmållag

**KVAR HAUST FER** Noregs Mållag og Norsk Målungdom på nynorskstafett i tre veker. Til no i år har turen gått til Telemark og Hallingdal, medan Valdres står att. Me frå Norsk Målungdom har halde målferder for titals klasser og hundrevis av elevar. På målferdene våre talar me om språkstoda me har her i landet. Målet med timen er å skape ordskiye og refleksjon kring språk, då særskilt språkmangfald og språkleg toleranse. I desse områda har me òg lagt mykje vekt på dialekt, og kva som får oss til å ta språkvala me tek.

**TALEMÅLET VÅRT ER** mellom dei viktigaste identitetsmarkørane ein har, men står i ein konstant i kamp mot bokmålet, og for mange kan det kjennast lettare å slutte å snakke dialekta si. Difor treng ungdommen gode dialektføredøme som syner at ein kan nytte dialekta si overalt. Landsstyret i Norsk Målungdom deler kvart år ut dialektprisen til nokon som gjer nettopp dette. Dialektprisen for 2022 vart delt ut til Karsten Warholm på Det Norske Teatret 5. november.

**KARSTEN ER EIN** kar som syner at dialekt passar til både kvardag og i samtaler med kongen på Bygdøy. Både på Bislett, pantande, og på epleslang. Han har vorte eit føredøme for unge til å halde på dialekta si. Sjølv om han har vunne meisterskap verda over, er han framleis stolt over å vera sunnmøring. Me meiner han ikkje berre er verdsmeister i hekk, men òg i dialekt.

**I ÅR HAR** me også eit spesielt godt nyhende frå Telemark. Målengasjerte studentar ved Universitetet i Sørøst-Noreg Rauland har funne saman, og skipa Studentmållaget i Rauland (SmiR)! Me gler oss til å sjå kva dei finn på.



**RAULAND:** Engasjerte studentar har funne saman og skipa studentmållag.



**JIDDISK FRÅ POLEN:** Omslaget av ei jiddisk lesebok for 1. klasse trykt i Warszawa i 1958. Sida til høgre er på jiddisk og sida til venstre er på polsk. Tittelen på jiddisk er Trit bey trit. Lernbukh farn ershtn leryor.

Illustrasjon: Wikipedia

# Det gløymde språket

**GJENNOM DEN EUROPEISKE** minoritetsspråkpakta har Noreg forplikta seg til å verne om dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes. Pakta gjev språka særlege rettar og bidrar til å styrke deira posisjon. Likevel er det ein av dei nasjonale minoritetane som ikkje har noko språk med offisielt vern i Noreg, nemleg jødane.

### To språk

Sjølv om jødar er ei mangfaldig gruppe som snakkar mange ulike språk, er det på verdsbasis stort sett to språk som har noka form for offisiell status: hebraisk og jiddisk. Hebraisk blir rekna som nasjonalspråket til jødane, og er språket alle dei heilage tekstane er skrivne på. Det er òg det språket som er beherska av aller flest jødar i verda. I dag er hebraisk offisielt minoritetsspråk i Polen og Sør-Afrika, i tillegg til offisielt språk i Israel. I Noreg har hebraisk blitt nytta som liturgisk språk sidan 1800-talet, og det er omtrent like mange som snakkar hebraisk som romanes.

### Var utbreidd i Noreg

Jiddisk blir i dag hovudsakleg snakka av askenaziske jødar, og er eit språk som oppstod på 800-talet som ei blanding av hovudsakleg tysk og hebraisk. Dei jødane som kom til Noreg, var hovudsakleg askenaziske, og før andre verdskrigen var jiddisk utbreitt blant den jødiske befolkninga i Noreg. Dei brukte språket i dagleglivet, og

jødiske foreiningar sette òg opp teaterstykker på jiddisk. Etter andre verdskrigen gjekk mykje av språkkompetansen tapt, og ein reknar med at det i dag er omkring ingen jødar igjen i Noreg som snakkar jiddisk. Likevel er det ein viktig del av kulturarven og historia til den jødiske minoriteten i Noreg. I dag har jiddisk status som minoritetsspråk i mellom anna Sverige, Polen og Nederland.

### Stoppa opp

Når ekspertkomiteen i 2002 skreiv sin rapport om minoritetsspråkpakta, slo dei fast at så få snakka jiddisk at det ikkje var grunnlag for å ta det inn i minoritetsspråk-

pakta, medan hebraisk aldri blei vurdert. Likevel ville komiteen at myndigheitene kunne handsame det på nytt ved eit seinare høve, men ikkje i nokon av dei rapportane som har blitt laga i ettertid, er problemstillinga nemnt med eit einaste ord, og det heile verkar til å ha blitt gløymt. Difor har prosessen stoppa opp og ser ikkje ut til å hatt nokon framgang sidan då.

Problemstillinga med tal på språkbrukarar og offisielt vern er litt som høna og egget. For få språkbrukarar gjev ikkje grunnlag for offisielt vern, medan mangel på offisielt vern gjer det vanskelegare å rekruttere nye språkbrukarar og halde språket i live. Offisielt vern gjev staten eit særreige ansvar for språket, og språkbrukarane får rettar dei elles ikkje hadde hatt krav på, mellom anna at det skal bli lettare å læra seg språket sitt.

### Dialog

Både jiddisk og hebraisk er språk med lang historie i Noreg og er av stor kulturell og historisk betydning for den jødiske minoriteten. Dette bør vege minst like mykje som berre akkurat tal på språkbrukarar når spørsmålet om nasjonale minoritetsspråk skal vurderast på nytt. Styresmaktene bør difor gå i dialog med det jødiske samfunnet i Noreg om å gje eitt eller fleire jødiske språk offisiell status, og jobbe for å anerkjenne språka til alle dei nasjonale minoritetane i Noreg.

RASMUS TENNØ LOE  
NMU

*Både jiddisk og hebraisk er språk med lang historie i Noreg og er av stor kulturell og historisk betydning for den jødiske minoriteten.*



## Kunsten å kjenne att ein klassikar:

# Fuglane før K

Kvifor var det så vanskelig for *Fuglane* å få luft under vengene?

AV NARVE FULÅS



**LITTERATURHISTORIE:** Narve Fulsås er professor i historie ved institutt for arkeologi, historie, religionsvitenskap og teologi ved Universitetet i Tromsø. Her føreles han under litteraturdagane i Vinje.

Foto: Mari Tveiti

**DET EG SKAL** snakke om, er den *internasjonale publiserings- og kanoniseringshistoria* til Vesaas, rett nok avgrensa til den tyske, engelske og franske. Nokre aktuelle tal kan tyde på at den norske og den internasjonale Vesaas-kanon ser nokså likeins ut. *Fuglane* er ikkje berre den Vesaas-boka som står fremst i norsk kanon, den er òg den som er mest omsett, med utgåver i rundt 35 land. *Is-slottet* kjem deretter, med 25, og så *Vårnatt* og *Kimen*. Det er likevel to vesentlege forskjellar. For det fyrste er den internasjonale publiseringshistoria til Vesaas *diskontinuerleg*, med ein lang bølgedal og eit nokså nytt oppsving. For det andre var ikkje *Fuglane* nokon internasjonal banebrytar for Vesaas, snarare tvert om.

I Det fyrste språket Vesaas blei omsett til, var tysk. Det skjedde i slutten av 1930-åra då han kom ut i Graz og Berlin. Vesaas i Nazi-Tyskland har eg nyleg skrivne ein artikkel om, og eg skal ikkje ta det opp att her. I 1950-åra opplevde Vesaas eit sterkt nordisk gjennombrudd. Eit av dei mest slående uttrykka for det er at han frå og med *Vindane* i 1952 kom ut samtidig på norsk, dansk og svensk – frå *Vårnatt* i 1954 også på finsk.

Utanom Norden var derimot kampen for Vesaas etter krigen lenge ein kamp i motbakke. *Fuglane* blei publisert i 1957, og blei ikkje noko vendepunkt i så måte. Olav Vesaas har vist at jamvel den norske kritikken var blanda. Ragnvald Skrede, som Vesaas ikkje elles var begeistra for, skreiv at *Fuglane* var «kunstnarleg fullt på høgd og reint menneskeleg meir gripande enn noko anna han har skapt». Johs. A. Dale, derimot, meinte at «[d]et er ikkje av dei største Vesaas-bøkene».

I Tyskland skreiv ein omsetjar, Elisabeth Ihle, at «jeg synes 'Vårnatt' er meget bedre enn Vesaas' nye bok 'Fuglane' som jeg ikke tror er noe for Tyskland» (1957). Vesaas' gamle tyske forlag, Universitets, vurderte boka, men meldte at konsulentane deira var «völlig ablehnend» – «heilt avvisande». Det fanst eit kulturkontor i Utanriksdepartementet som prøvde å fremje norsk litteratur i utlandet, og som i 1958 fekk delar av *Fuglane* omsett til engelsk. Dei rekna henne for det dei kalla ei «border-line» bok som det ville bli vanskeleg å plassere, og dei fekk ingen napp då omsetjinga gjekk på rundgang hjå britiske forleggjarar.

Det var likevel *Fuglane* som leidde til at Vesaas endeleg fekk eit nytt tysk forlag, Benziger i Sveits. Ein austerrisk flyktning som hadde budd lenge i Sverige, Robert Braun, ville gjerne omsetje *Fuglane* og fekk tilslag hjå Benziger. Det leidde til at Benziger inngjekk «generalkontrakt» med Vesaas om utgjevingar på tysk. Dei starta i 1960 med *Bleikeplassen*, deretter *Vindane*. Då *Fuglane* stod for tur, skreiv Vesaas: «Er svært spent på kva det blir til med den utover verden» (sep. 1961). Det blei til lite. Vesaas purra stadig på opplysningar om salet, og fekk fyrst noko handfast etter nesten tre år. Året etter det fyrste halvåret blei det selt 117 eksemplar. Det ser ut til å ha vore dårlegare enn for nokon av dei andre titlane som då var ute, og det er ikkje noko som tyder på

at salet tok seg opp seinare. Vesaas ser nærast ut til å ha mista trua på det internasjonale potensialet til *Fuglane* etter dette.

I Storbritannia var det *Is-slottet* som leidde til eit forlagsgjennombrudd. I 1964 fekk Peter Owen kontrakt på *Is-slottet*, som kom ut fyrst to år seinare, omsett av Elisabeth Rokkan. Rokkan var frå Wales, gift med den verdskjente statsvitararen Stein Rokkan, og ho underviste i engelsk ved Universitetet i Bergen. Owen gav deretter ut *Kimen* og så *Fuglane*, den siste omsett av Torbjørn Støverud og Michael Barnes (1968).

I Frankrike sleit dei gjennom heile 1960-talet, før Gallimard teikna kontrakt om *Bruene* rett før Vesaas døydde. I Frankrike blei Vesaas heilt frå byrjinga spreidd på fleire forlag. Gallimard gav ut *Bruene* i 1971, *Is-slottet* kom på Flammarion i 1974 og *Fuglane* på eit tredje forlag, P.J. Oswald, i 1975.

**Kvifor var det så vanskeleg for *Fuglane* å få luft under vengene?**

Språket til Vesaas var ei utfordring. Det franske forlaget Le Seuil hadde i 1962 dei tyske utgåvene av *Bleikeplassen*, *Vindane* og *Fuglane* til vurdering. Då dei takka nei, skreiv dei at *Fuglane* nok var den mest aktuelle av dei tre, men (i mi gymnasfranske omsetjing) «me trur at det franske språkets ånd er for ulikt originalens norsk (som me rett nok berre kjenner via tysk) til at me på ein vellykka måte kan få denne store norske forfattaren ut i Frankrike». Dei enkle orda og dei stutte setningane til Vesaas bryt kanskje aller sterkest med tradisjonelle litterære normer på fransk.

Er det då kvaliteten på omsetjingane som er problemet? Det er påfallande at dei fyrste omsetjingane av *Fuglane* ikkje gjekk til dei forlaga elles brukte. Robert Braun er ikkje kjent som omsetjar og har ikkje omsett noko anna av Vesaas. Det synest som om Benziger gjerne ville hatt ein annan, men det var Braun som hadde formidla *Fuglane*, og han var vanskeleg å kome utanom. På engelsk var Rokkan den viktigaste omsetjaren, medan Støverud og Barnes berre gjorde *Fuglane*.

Verken den kapitalistiske marknaden, den hollandske smaken eller den kommunistiske ideologien ville ha tragedie.



# Vesaasgård



**BILLIGBOK VAR SALSSUKSESS:** Noko av grunnen til det store gjennomslaget *Fuglane* fekk i den norske bokheimen, skriv seg kanskje frå billigbokutgåva frå Gyldendal.

Endå viktigare var truleg at *Fuglane* blei oppfatta som deprimerande lesing. I Nederland skreiv eit forlag (Zuid-Hollandsche) i 1964 at dei hadde vurdert *Fuglane* fem gonger. Den hadde litterære kvalitetar, erkjente dei, men «den eventyrlige atmosfæren og den svært nedtrykkjande og tunge stemninga er avgjort ikkje tiltrekkjande for dei fleste av lesarane våre. Dessutan er boka på slutten heilt utan håp og derfor verkeleg utilfredsstillande for hollandsk smak». Vesaas kommenterte: «Ser [...] at i Holland lyt dei helst ha happy end». I DDR meinte dei i grunnen det same. Verken den kapitalistiske marknaden, den hollandske smaken eller den kommunistiske ideologien ville ha tragedie.

Det var likevel unntak frå dette både i aust og vest. I vest var den norske heimemarknaden det viktigaste unntaket. I 1962 starta Gyldendal billigbokserien *Lanterne*. *Fuglane* var ei av dei fyrste utgjevingane, nr. 12, og den blei seriens største suksess. I 1971 var *Lanterne*-utgåva av *Fuglane* trykt i 47 000 eksemplar, langt over det Gyldendal hadde sett for seg. I aust var Polen eit unntak. Der kom *Fuglane* i 10 000 eksemplar i 1964. Den inspirerte den unge filmstudenten Witold Leszczynski til ei av dei mest vellykka filmatiseringane av Vesaas. Elles er det vanskeleg å vite kva opplagstala betyr i Aust-Europa i denne perioden sidan det ikkje fanst nokon eigentleg litterær marknad.

## II


### Kanonisert heime, gløymt ute

Vesaas har stått støtt i norsk kanon i dei vel femti åra etter at han døydde, og *Fuglane* har hatt ein heilt særegen status. I 1981 skreiv til dømes Dag Solstad om *Fuglane*: «Kanskje den skjønneste romanen som er skrivi på norsk, ja jeg kan ikke tenke meg noe annet». Litteraturvitarane har ikkje vore usamde. I 2007 skreiv Jørgen Magnus Sejersted i *Den norske litterære kanon 1900–1960*: «*Fuglane* ... står i en særstilling i norsk 1900-tallslitteratur, og Tarjei Vesaas vil alltid være knyttet til denne lyriske fortellingen om søskenparet Mattis og Hege» (106).

For utanlandske forleggjarar har det derimot alltid vore vanskeleg å halde liv i framande forfattarar etter at dei har slutta å skrive, og Vesaas er ikkje noko unntak. Benziger greidde ikkje å halde han oppe. Etter kvart hadde Vesaas sjølv oppdaga at Benziger kanskje ikkje var ei heilt vellykka plassering. Då *Is-slottet* skulle ut, engasjerte Benziger ein kjent omsetjar, Albrecht Leonhardt. Vesaas møtte Leonhardt, som sa til han: «Berre ho ikkje var utkomen hos Benziger!». Leonhardt forklarte at i Tyskland blei Benziger sett på som eit kyrkjeleg, katolsk forlag og derfor, slik Vesaas oppfatta det, «ignorerer av det litterært interesserte publikum, av bokhandelen og alle slike sirklar».

Vesaas klaga aldri på det arbeidet Benziger la ned for han, men etter at *Båten om kvelden* kom i 1970, ser det ikkje ut til det kom verken nye utgåver eller opplag. Med nokre svært få unntak, var Vesaas ute av tysk litteratur i nesten 40 år. ▶





# Julegåver til heile familien

Få maks rabatt og fri frakt på samlaget.no.\*  
 Bruk koden FrifraktNT i handlekorga.

Samlaget

\*Maks rabatt tilsvaerar 12,5 % og gjeld for bøker frå 2022. Rabatten gjeld ikkje for pocket, ordbøker eller bøker for høgare utdanning. Koden for fri frakt gjeld i november og desember 2022.





◀ I den engelske marknaden gav ikkje Owen seg i 1970, men gav ut både *Vårnatt* og *Huset i mørkret*. Owen er eitt av svært få forlag starta etter krigen som overlevde, og som enno eksisterer, og dei har stadig Vesaas i katalogen sin. Owen sjølv døydde i 2016, og han heldt *Is-slottet* og Herman Hesses *Siddartha* som dei to verkeleg store bøkene han hadde gjeve ut. I sjølvbiografien sin fortel han at Doris Lessing gjerne stilte opp for han, og i 1993 skreiv Lessing overstrøymande då Owen gav ut *Is-slottet* på ny: «How simple this novel is. How subtle. How strong. How unlike any other. It is unique. It is unforgettable. It is extraordinary» (i *Independent*). To år seinare rosa ho *Fuglane*.

Sjølv om Owen var kjent som forleggjar av omsett kvalitetslitteratur, hadde han ikkje ein status som var sterk nok til å kanonisere Vesaas på eiga hand, sjølv ikkje med hjelp av Lessing. *Is-slottet* kom det nokså regelmessig nye utgåver av. Men elles stoppa salet av andre innbundne bøker, og *Fuglane* selde han jamvel til eit amerikansk forlag, før han tok ho tilbake då forleggjaren ikkje kunne gjere opp for seg.

Litteraturprisar hadde betydning for salet av Vesaas i utlandet, det ser me både då han fekk Venezia-prisen for *Vindane* i 1953 og då han fekk Nordisk råds pris for *Is-slottet* i 1964. Ein kan derfor lure på kva forskjell ein Nobelpris ville ha gjort. Vesaas var foreslått ein del gonger på 1960-talet, men nådde aldri opp. Slik det no var, blei han langt på veg gløymt utanfor Norden.

### III


#### Frå ukjent til moderne klassikar

I mars 2013 blei *Is-slottet* teke opp i BBCs litteraturprogram på Radio 4, A Good Read. Då var det som ein ukjent klassikar som ingen av dei tre deltakarane hadde høyrte om, men som den eine var blitt tipsa om av ein norsk venn. Alle var begeistra og overraska. Omtalen hjelpte med ein gong Vesaas-salet til Owen og leidde til nye utgåver, også e-bøker.

I Frankrike starta forleggjaren og forlaget Cambourakis eit Vesaas-program frå 2014. Frédéric Cambourakis hadde lenge lese skandinavisk litteratur, og hadde *Is-slottet* som ein av favorittane. Då han starta sitt eige forlag, fortel han, «var mange av bøkene ikkje lenger tilgjengelege, fleire forlag sat på ulike titlar. Nokre hadde aldri vore omsette før, som *Vårnatt*. Idéen var å få alle bøkene publiserte av ein forleggjar og å promotere verket som heilskap, å vise kor viktig det er.» Cambourakis gav ut nye omsetjingar av *Is-slottet*, *Vårnatt* og *Bruene*. *Fuglane* kom så seint som i mars i år, omsett av Marina Heide, som var med på litteraturdagane i fjor. I Tyskland har me Vesaas-arbeidet til Sebastian Guggolz og Hinrich Schmidt-Henkel, som har vore ein suksess dei siste åra.

Kva er det som kan forklare dette nye oppsvinget?

Ein faktor er eit meir aktivt norsk litteraturdiplomati med økonomiske støtteordningar



**Ein nasjonal forfattar:** Tarjei Vesaas er rekna for å vere ein av dei største norske forfatarane. Fram til nyleg sleit han likevel med å slå gjennom andre stader enn i Noreg.

gjennom NORLA. Sidan 2004 har NORLA støtta 61 omsetjingar av Vesaas-verk til 26 språk. Over halvparten av dei (34) er omsetjingar av *Fuglane* og *Is-slottet*. Og dei fleste har kome frå rundt 2010.

Ein annan faktor er det oppsvinget norsk og skandinavisk litteratur generelt har opplevde frå 1990-åra. I utgangspunktet var det mykje eit kommersielt oppsving, med bestseljarar som Jostein Gaarders *Sofies verden* og skandinavisk krim. Men etter kvart fekk den nye skandinaviske bølga også ei sterk litterær avdeling, og dei aller fremste namna her har vore viktige Vesaas-ambassadørar. I Frankrike var Jon Fosse viktig for den nye interessa for Vesaas. Med Karl Ove Knausgård fekk Noreg ein forfattar som også for alvor slo gjennom på engelsk. Når engelsk no er det globalt dominerande andrespråket, er engelsk blitt det viktigaste språket for etablering og vedlikehald av ein verdskanon.

Då *New York Times* i 2017 spurte Knausgård kven som var hans norske favorittforfatarar, svarte han: «Tarjei Vesaas has written the best Norwegian novel ever, 'The Birds'». Det var ikkje dette som gjorde at Guggolz eller Cambourakis oppdaga Vesaas, men når dei fyrst var i gang, kunne dei knapt ha drøymt om betre marknadsføring. Knausgård seier ikkje noko anna enn det Solstad, eller norske lesarar, for lengst har sagt. Men han er den fyrste norske forfattaren, kanskje sidan Ibsen, som kan uttale seg med verdslitterær kanonisk kraft. Når dei nye internasjonale utgåvene siterer Knausgaard, så skjer det for fyrste

gong ei synkronisering av norsk og verdslitterær Vesaas-kanon.

Eit viktig resultat av den nye interessa er at Owen greidde å selje *Is-slottet* og *Fuglane* til Penguin Modern Classics. Her kom Rokkans omsetjing av *Is-slottet* i 2018 og Støverud og Barnes' omsetjing av *Fuglane* i 2019. For den globale spreinga av Vesaas er Penguin Modern Classics ein av dei beste og viktigaste stadene å vere. Serien inneheld mange titlar som ein på engelsk vil kalle «middlebrow» – slik som spenningslitteratur av ein viss kvalitet. Men den inneheld òg heile den modernistiske kanon: Proust, Kafka, Wolf, Joyce, Beckett. Den einaste andre norske forfattaren eg greidde å finne mellom dei vel 1500 titlane var Kjell Askildsen, med ei samling noveller.

For å avslutte: Ein klassikar etablerer seg ikkje berre i kraft av ibuande litterære kvalitetar. Det er avgjerande at den litterære kvaliteten blir anerkjent av dei rette kritikarane, dei rette forfatarane, dei rette forleggjarane, dei rette priskomiteane. Dette kan ta tid, og det kan vere avhengig av skiftande historiske omstende. For forfattarar frå små litteraturar er den internasjonale prestisjen til den nasjonallitteraturen dei tilhøyrer, avgjerande, og den endrar seg. For Vesaas inneber Lessing, Fosse, Knausgård, Penguin oppsamling av ein nokså betydeleg litterær kapital. Kanskje kan me no, 125 år etter at han blei fødd og vel 50 år etter at han døydde, seie at Vesaas har teke steget frå internasjonalt ukjent norsk klassikar til moderne verdslitterær klassikar.

Når dei nye internasjonale utgåvene siterer Knausgaard, så skjer det for fyrste gong ei synkronisering av norsk og verdslitterær Vesaas-kanon.



# NOREGS MÅLLAG ADVENTSKALENDER 2022



[www.nm.no](http://www.nm.no)

Julekalenderen og julehefta kan du tinge frå **KRAMBUA** på nettsidene våre.





# MÅLLAGET INFORMERER



FOTO: HEGE LOTHE

## VERVETELJING

Vi er i gang med vervetevling mellom lokallaga. Dette kan bli skikkeleg spennande. Dei 20 laga som får flest heilt nye medlemmer, vinn ein bok-pakke, og ikkje minst heider og ære! Medlemene må ha betalt på slutten av året for å telje, og laga får jamlege oppdateringar på korleis dei ligg an.

For at nynorsk framleis skal vere eit levande bruksspråk i framtida, treng me at så mange som mogeleg stiller seg bak det politiske arbeidet som skal til. Mange medlemmer gjev Mållaget større gjennomslagskraft og sikrar oss ein betre økonomi. I fjor fekk me over 15 000 medlemmer, og me har mål om å oppnå det same i år! Ein vert medlem på [www.nm.no](http://www.nm.no). Bli med!

Dette er stillinga pr 24. november:

Lokallag	Nye medlemmer
Oslo mållag	55
Bergen Mållag	30
Kvam Mållag	17
Borgund Mållag	13
Giske Mållag	12
Hå Mållag	11
Vinje Mållag	11
Herøy Mållag	10
Nidaros mållag	10
Lista Mållag	9
Stavanger Mållag	9
Stranda Mållag	9
Tromsø Mållag	9
Løvebakken Mållag	8
Lærdal Mållag	7
Odda Mållag	7
Sveio Mållag	7
Tysvær mållag	7
Ulstein Mållag	7
Øygarden Mållag	7
Alversund Mållag	6
Bærum Mållag	6
Hustadvika Mållag	6
Jæren Mållag	6
Meland Mållag	6
Vik Mållag	6
Volda Mållag	6
Voss Mållag	6

## VINTERSEMINAR I ÅLESUND

Mållaget inviterer til Vinterseminar i Ålesund **laurdag 28. januar og søndag 29. januar**. Eit viktig emne vert framtida for nynorsk i Ålesund. Der skal Haram gå ut og lage sin eigen kommune, medan det nye kommunestyret skal gjere eit nytt språkvedtak. Vi tek debatten! Elles vert det mykje god underhaldning, innleiingar og debattar om spennande aktuelle emne. Alle er velkomne!

## DIGITALE MOTIVASJONSSEMINAR

Mållaget inviterer alle til digitale motivasjonsseminar. Det blir ei lang rekkje med interessante emne for lokale mållag. Fyrste møte er allereie gjort unna, og neste kjem måndag 5. desember: Nynorsk i skulen og lokale mållag, **måndag 9. januar**: Tid for årsmøte – spessial! og **torsdag 2. februar**: Godt økonomiarbeid er godt målarbeid! Du kan finne informasjon om kvart møte på nettsidene til Noregs Mållag.

## FRIST FOR Å SØKJE NYNORSKSTIPEND!

Har du eit godt nynorskprosjekt, men manglar pengar? Mållaget lyser ut to nynorskstipend på 50 000 kroner. Midlar til stipenda får vi av Kulturdepartementet, og føremålet er å hjelpe fram gode prosjekt som kan fremja nynorsk på alle samfunnsområde. **Søknadsfrist er 7. mars 2023.**

## SØK OM ORGANISASJONSMIDLAR

Har du eit god ide til aktivitet? Landsmøtet har sett av midlar til organisasjonsbyggjande tiltak i 2023, som lokal- og fylkeslaga kan søkja om å bruka i sitt lokale målarbeid. Laga kan søkja gjennom heile året. På nettsidene finn du meir informasjon.

5 ■ 2022  
**Norsk Tidend**  
 Framhald av *Fedraheimen* og *Den 17de Mai*



### Tilsette:

**Gro Morken Endresen**, dagleg leiar, tlf. 23 00 29 37 • 95 78 55 60, [gro.morken@nm.no](mailto:gro.morken@nm.no)

**Erik Grov**, organisasjonskonsulent, tlf. 23 00 29 30, [erik.grov@nm.no](mailto:erik.grov@nm.no)

**Per Henning Arntsen**, økonomikonsulent, tlf. 23 00 29 35, [per.arntsen@nm.no](mailto:per.arntsen@nm.no)

**Ingar Arnøy**, skulemållskriver, tlf. 23 00 29 36 • 97 52 97 00, [ingar.arnoy@nm.no](mailto:ingar.arnoy@nm.no)

**Hege Lothe**, informasjons- og organisasjonskonsulent, tlf. 92 64 83 48, [hege.lothe@nm.no](mailto:hege.lothe@nm.no)

**Vemund Norekvål Knudsen**, redaktør og rådgjevar, tlf. 23 00 29 32 • 97 68 43 99, [vemund.knudsen@nm.no](mailto:vemund.knudsen@nm.no)

**Frida Pernille Mikkelsen**, politikk- og kommunikasjonsrådgjevar, tlf. 23 00 29 34 • 48 24 87 47, [frida.mikkelsen@nm.no](mailto:frida.mikkelsen@nm.no)



## NORSK MÅLUNGDOM

[malungdom.no](http://malungdom.no)

**Skrivar:** Jógvan Helge Gardar  
 E-post: [jogvan@malungdom.no](mailto:jogvan@malungdom.no)  
 Telefon: 95 07 88 18

**Kontormedarbeidar:** Olav Wixøe Sveta  
 E-post: [kontor@malungdom.no](mailto:kontor@malungdom.no)

**Tilskrift:** Lilletorget 1, 0184 Oslo  
 Telefon: 97 34 28 64  
 E-post: [norsk@malungdom.no](mailto:norsk@malungdom.no)

**Kontonr.:** 3450.65.48707

**Leiar:** Tobias Christensen Eikeland,  
 Telefon: 94 89 49 69,  
 E-post: [tobias@malungdom.no](mailto:tobias@malungdom.no)

Prent: Amedia Trykk  
 Opplag: 15 000  
 Abonnement: kr. 250,- per år

Annonсар:  
 Annonseprisar: kr 9,00,-/mm  
 Tillegg for tekstside: kr 0,50,-/mm  
 Spaltebreidd: 45 mm  
 Kvartside: kr 3 000,-  
 Halvside: kr 5 000,-  
 Heilside: kr 9 000,-  
 Ilegg til avisa: kr 1,00 pr. stk.

Alle prisar er eks. mva. Ved lysing i fleire nummer kan vi diskutere særskilde avtalar.

Stofffrist nr. 1, 2023:  
**25. januar**

## NOREGS MÅLLAG

[nm.no](http://nm.no)

**Tilskrift:**  
 Lilletorget 1,  
 0184 OSLO

**Telefon:** 23 00 29 30  
**E-post:** [nm@nm.no](mailto:nm@nm.no)

**Kontoradresse:**  
 Lilletorget 1, 0184 OSLO

**Kontonr.:** 3450.19.80058

**Leiar:** Peder Lofnes Hauge  
 95 12 26 89 / [peder.hauge@nm.no](mailto:peder.hauge@nm.no)

**Nestleiar:** Synnøve Marie Sætre  
 92 69 53 30 / [synnove.setre@nm.no](mailto:synnove.setre@nm.no)



*Det er mykje vanskelegare å skrive bullshit på nynorsk enn på bokmål, fordi du ikkje kan skjule deg bak lange, tåkete setningar fulle av leddsetningar og pretensiøse låneord. Nynorsk har eit slags innebyggt bullshit-filter.*

*Robin van de Walle til Framtida*

Korleis kann det ha seg at De ikkje hev lagt ut sjølvmeldingsskjema paa nynorsk? Her i Hjartdal er det vist dei fleste som ynskte aa faa sjølvmeldingsskjema paa nynorsk, men kann ikkje faa, daa det berre er skjema paa dansk-norsk. [...] No maa det endeleg verta slutt med denne tilsidesetjing og vannvyrding av norsken paa denne maaten. Ja dette er ikkje berre eit spursmaal; no krev me aa faa sjølvmeldingsskjema paa nynorsk, så me kann faa nytta dei alt i aar.

«Skattytar» i *Teledølen*

Korleis likar De nynorsken? spør den «17de Mai» Joannes Paturson.

Paturson svarar: Færøyingar les norsk landsmål mest like lett som færøysk og skynar det jamgodt med dansk. Eg tykkjer elles det er for lite former i nynorsken, han er so avkorta. Færøymålet er vakkre.

**Austland, 1923.**

**Joannes Paturson har for mange status som landsfader på Færøyanne. Han studerte også landbruk ved Stend landbruksskole i Fana.**

Landsmaalet har nu holdt sit indtog paa Dovrebanen. Di har tidligere meddelt at der var planer oppe om dette fremstøt. Og nu er det en fuldbyrdet kjendsgjerning. Endog den grad at riksmaalet er ganske fortrængt. Det findes itte mere. Det er flettet ut av tilværelsen, jfr. «Trondhjem Adr.avis».

Er det sje fælt. Landsmål på Dovrebana. At Dovregubben vil finna seg i slikt er «sast utrolig».

**Grimstad-posten, 1922**

Da Det norske teatret blev aapnet i 1913, valgtes Holberg: Jeppe paa Bjerget til aapningsforestilling. Oversettelsesarbeidet blev overdraget til Arne Garborg [...]

Tanken om at oversette Holberg til landsmaal vakte til at begynde med adskillig uvilje, men nu er det vel ikke nogen som finder det støtende. Garborgs oversettelse er ogsaa ypperlig. Men selvfølgelig kan ingen oversettelse, hvor godt den end er utført, erstatte originalen. Det er i sin egen sprogdragt Holberg lever, og vil leve, i folkets bevidsthed.

**Østlændingen, 1922**

## PÅ TAMPEN



# Det falske narrative

**I 2020 DEBUTERTE** Per Marius Weidner-Olsen med romanen *Jeg hadde en oppvekst nesten som min egen* på Oktober Forlag. Boka blei teken godt imot av kritikarar og mellom anna nominert til Brageprisen. Forfattarkarrieren såg lovande ut for Weidner-Olsen, og ein tenkte vel han som den neste Per Petterson. Eit par månader seinare braka ikkje berre debutboka, for Oktober droppa forfattaren då det viste seg at han hadde halde tilbake informasjon forlaget tykte var viktig for lesinga av boka. For ordens skuld, eg har ikkje lese boka, denne teksta tek for seg narrativa som sirkulerer i media.

**SAKA ER AT** Weidner-Olsen i debutboka mellom anna skildrar ein ung gut som blir forgripe seksuelt, sjølv har Weidner-Olsen sete i fengsel for å «ha skaffet seg seksuell omgang ved misbruk av stilling eller tillitsforhold». Oktober meiner det overlappende temaet endrar lesinga av boka, og fornærma i saka mot Weidner-Olsen har reagert på romanen. Weidner-Olsen seier sjølv han har sona dommen og ikkje har opplysningsplikt overfor forlaget.

**NYLEG GA WEIDNER-OLSEN** ut sin andre roman, *Ny mann*, på Gyldendal Norsk Forlag, som plukka han snøgt opp etter Oktober avslutta samarbeidet. Det som slår meg er narrative som blir sprengt opp med utgjevinga og under 2020-saka, nemleg at ytringsfridomen til Weidner-Olsen blir krenka. Forfattarkolleagaar og organisasjonar blir au skulda for ikkje å ha støtta han nok under 2020-saka. La det vera klårt, eg er oppteken av ytringsfridom, melde meg inn i Amnesty International som tolvåring og bidreg i postkortaksjonen til Norske PEN åra eg har høve. Eit år skreiv eg kort til den kjende, tyrkiske forfattaren og journalisten Ahmet Altan, då han sat i fengsel for å ha sende «subliminale meldingar» med formål å oppmuntra til kuppforsøk. Sett i lys av denne og andre saker blir anklagane om

angrep på ytringsfridomen i Weidner-Olsen-saka latterleg. Så lenge me framleis har høve til å trykka opp våre egne bøker, legga ut bloggpostar og tik tokar, har me ytringsfridom. Å ikkje få gje ut bok på eit av landets beste forlag er ikkje eit angrep på ytringsfridomen, det kan einkvan refusert forfattar fortelja.

**VED Å VINKLA** dette bort frå grunngevinga til Oktober, som var at lesinga av romanen blir annleis når ein får kjennskap til dommen, til eit spekulativt narrativ om at dette er eit hogg mot ytringsfridomen, gjeng ein au bort frå ein av lærdomane i saka. For kva er det som gjer at eit respektert og seriøst forlag gjeng til det drastiske skritt å avslutta eit samarbeid og ikkje trykka opp fleire eksemplar av ein etterspurt roman? Når dei seier at lesinga blir annleis meiner dei ikkje berre for oss lesarar, men au for redaktøren. Det er ikkje usannsynleg at redaktøren i saka ville ha jobba annleis med manuset om denne informasjonen hadde kome fram under arbeidet med teksta. Det hadde kanskje blitt ei anna bok, tillitsbrotet er mellom redaktør og forfattar. Dei fleste av oss opplever det å halda tilbake viktig informasjon nært løgn. Kan henda Weidner-Olsen valde å gjera dette av di han ville ha fridomen til å skriva nett den boka han hadde lyst til, ynsket om kunstnarisk fridom har eg stor sympati for, men å måla denne saka til å handla om knebling av domfelte, skurrar i mine øyre.

**DÅ SAKA KOM** ut i 2020, hadde Weidner-Olsen mykje støtte frå forfattarkolleagaar, difor blei eg overraska då eg såg ei NRK-overskrift om at forfattarkolleagaar og organisasjonar ikkje engasjerte seg nok i saka hans. Eg gjorde det ikkje. Ikkje berre er Weidner-Olsen privilegert nok til å vera i stallen til eit av dei største forlaga i Noreg, han får au nok av plass i media til å boltra seg med ytringar.